



KI-notat nr.: 6/2009 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	Seimsdal Kraft AS / Leitet kraftverk og Øyni kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane / Årdal		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Jan Sørensen	Sign.:	
Dato:	11 FEB 2009		
Vår ref.:	NVE 200603411/200700083-49 ki/jaso		
Sendes til:	Søker, alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Leitet kraftverk og Øyni kraftverk i Seimsdalselvi i Årdal kommune, Sogn og Fjordane

Innhold

Sammendrag.....	1
Søknad.....	4
Høring og distriktsbehandling.....	6
Søkers kommentar til høringsuttalelsene.....	34
Tilleggsundersøkelser og kommentarer til disse.....	39
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader.....	47
NVEs vurdering etter vannressursloven.....	61
NVEs vurdering etter energiloven.....	73
NVEs vurdering etter oreigningsloven.....	73
Merknader til konsesjonsvilkårene etter vannressursloven.....	75
Andre merknader.....	77

Sammendrag

NVE mener skadene og ulempene av Leitet kraftverk for private og allmenne interesser er større enn nytten og avslår på dette grunnlag søknaden fra Seimsdal Kraft AS om bygging av kraftverket.

Når det gjelder Øyni kraftverk, mener NVE at nytten med tiltaket er større enn skadene og ulempene for private og allmenne interesser. NVE gir derfor Seimsdal Kraft AS tillatelse til å bygge Øyni kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

NVEs vurdering og konklusjon etter vannressursloven

Seimsdal Kraft AS søker om tillatelse til å bygge Leitet kraftverk og Øyni kraftverk i Seimsdalselvi i Årdal kommune. Leitet kraftverk er planlagt med inntak på kote 665 og vil utnytte et fall på ca. 240 m. Planlagt installert effekt i kraftverket er på 2,9 MW og årlig middelproduksjon er beregnet til 7-9 GWh avhengig av hvilket alternativ som velges. Øyni kraftverk vil få inntak på kote 320 og vil utnytte

et fall på 290 m ned til kraftstasjonen på ca. kote 30. Kraftverket vil få en effekt på 6,0 MW og produksjonen er beregnet til 16-18 GWh, varierende med hvor mye minstevannføring som må slippes.

De positive virkningene av kraftverkene knytter seg i hovedsak til produksjonen av fornybar energi og de økonomiske fordelene, herunder inntekter til produksjonsselskapet og de medvirkende fallretteiere og grunneiere, samt skatteinntekter til kommunen.

De negative virkningene av utbyggingen omfatter redusert vannføring i Seimsdalselvi på utbyggingsstrekningene og i tillegg ulike fysiske naturinngrep som for hvert av kraftverkene omfatter inntaksmagasin, rørgate, veger/anleggsveger, kraftstasjon, samt kabel for nettilknytning.

Årdal kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune legger vekt på at kraftverkene vil støtte opp under lokale næringsinteresser og tilrår utbygging. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vil ikke gå mot utbyggingen, men viser til at det må tas en rekke hensyn til bl.a. biologisk mangfold/fisk, landskap og friluftsliv ved en eventuell utbygging. Aksjonsgruppa mot kraftutbygging i Seimsdalen, Sogn og Fjordane Turlag og Årdal Turlag mener kraftverkene ikke bør bygges på grunn av de negative virkningene på viktige allmenne interesser. Av uttalelsene går det frem at Leitet kraftverk anses å være det klart mest konfliktfylte av de to utbyggingsprosjektene.

Etter NVEs vurdering representerer utbyggingen av Leitet kraftverk et uforholdsmessig stort inngrep, med betydelige negative virkninger på allmenne interesser, sett i forhold til den begrensede kraftmengde vil bli produsert. Utbyggingen vil redusere verdien av attraktive landskapselementer og føre til reduksjon av villmarkspregede områder, samt berøre områder som er populære for friluftsliv. Videre vil utbyggingen påvirke viktige leveområder for fugl, pattedyr og fisk. Det er NVEs oppfatning at mange av virkningene vil være vanskelig å avbøte på en god nok måte gjennom tiltak.

Øyni kraftverk vil i hovedsak berøre områder som fra før er påvirket av landbruk og bebyggelse. Redusert vannføring vil få negative konsekvenser for nærfriluftsliv og anadrom fisk/fiske, og de fysiske inngrepene vil berøre verdifulle skogområder som er viktige tilholdssteder for fugl og pattedyr. NVE mener det likevel vil være mulig å avbøte en del av de negative virkningene av kraftverket, blant annet ved slipp av tilstrekkelig minstevannføring, og gjennom miljøtilpasning av de planlagte inngrepene.

Fordeelene ved bygging av dette kraftverket vil være en del større enn for Leitet kraftverk ved at det vil gi ca. 10 GWh mer i årlig produksjon.

NVE konkluderer med at skadene og ulempene av Leitet kraftverk for private og allmenne interesser er større enn nytten. Kravet i vannressursloven § 25 er dermed ikke tilfredsstilt. Søknaden fra Seimsdal Kraft AS om bygging av Leitet kraftverk må følgelig avslås.

Når det gjelder Øyni kraftverk, mener NVE at nytten med tiltaket er større enn skadene og ulempene for private og allmenne interesser. NVE gir derfor Seimsdal Kraft AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til å bygge Øyni kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

NVEs vurdering og konklusjon etter energiloven

Årdal Energi KF søker om anleggskonsesjon etter energiloven for nettilknytning av kraftverkene ved en 22 kV kabelforbindelse fra koblingsanlegget ved Øyni kraftstasjon til sekundærstasjon på Årdalstangen. For strekningen fra Øyni kraftstasjon til landtak ved fjorden søker Årdal Energi KF også om ekspropriasjon for erverv av nødvendig areal. Det fremgår imidlertid av søknaden at kabel i tunnel kan være en alternativ løsning. I følge Årdal Energi KF er det ikke på nåværende tidspunkt avklart hvilket alternativ som skal realiseres.

NVE gir adgang til at anlegget bygges i medhold av Årdal Energi KFs områdekonsesjon. Områdekonsesjonær kan selv avgjøre hvilket alternativ som ønskes realisert. NVE vil minne om at planen må forelegges berørte parter i henhold til områdekonsesjonens vilkår nr. 2.

NVEs vurdering og konklusjon etter oreigningsloven

Da Seimsdal Kraft AS/Årdal Energi KF på søknadstidspunktet ikke hadde oppnådd minnelig avtale med to av rettighetshaverne i utbyggingsområdet, ble det samtidig søkt om samtykke til ekspropriasjon av nødvendige rettigheter i forbindelse med bygging av kraftverkene og for etablering av kabelforbindelse.

Samtykke til ekspropriasjon forutsetter at det på forhånd har vært forsøkt oppnådd minnelige avtaler med den eller dem det skal eksproprieres rettigheter fra. Søkerne har etter NVEs syn oppfylt dette kravet. Dersom det skal gis samtykke til ekspropriasjon av rettigheter må tiltaket utvilsomt være til større gagn enn skade, jf. oreigningsloven § 2, siste ledd.

Øyni kraftverk

Seimsdal Kraft AS har i ettertid oppnådd avtale med grunneier i tilknytning til Øyni kraftverk. Den delen av søknaden som gjelder samtykke til ekspropriasjon i forbindelse med kraftverket er derfor ikke lenger aktuell.

Leitet kraftverk

I NVEs vurdering av søknaden for Leitet kraftverk i henhold til vannressursloven, konkluderes det med at skadene og ulempene for private og allmenne interesser som følge av de planlagte inngrepene er større enn fordelene ved utbyggingen. De ulemper som er påpekt vil i hovedsak berøre de allmenne interessene. NVE mener det da naturlig følger av dette, at heller ikke kravet i oreigningsloven § 2 er oppfylt.

NVE konkluderer med at Leitet kraftverk ikke "tvillaust vil være til meir gagn enn skade". Kravet i oreigningsloven § 2 er således ikke oppfylt. NVE kan derfor ikke gi samtykke til ekspropriasjon av rettigheter for bygging av Leitet kraftverk.

Kabelforbindelse Øyni kraftverk-Årdalstangen

Årdal Energi KF søker om samtykke til ekspropriasjon av nødvendige arealer for midlertidig bruk i forbindelse med etablering av kabel fra Øyni kraftverk til Årdalstangen. NVE har fastslått at kabelen kan bygges i medhold av Årdal Energi KFs områdekonsesjon, jf. vår vurdering etter energiloven. Fylkesmannen har i den forbindelse myndighet til å behandle søknad etter oreigningsloven om samtykke til ekspropriasjon.

NVE viser til fylkesmannen som rette myndighet når det gjelder vurdering av søknaden om samtykke til ekspropriasjon i forbindelse med etablering av kabelen.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra Seimsdal Kraft AS datert 9.10.2006:

1. Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- *Bygging av to kraftverk i Seimsdalen (Leitet ca. 2,9 MW og Øyni ca. 6 MW), hovedsakelig i samsvar med fremlagte planer.*

2. Etter energiloven om tillatelse til:

- *Installasjon av en generator på 3,2 MVA med nødvendige elektriske anlegg i Leitet kraftverk*
- *Installasjon av en generator på 6,6 MVA med nødvendige elektriske anlegg i Øyni kraftverk*
- *Installasjon av nødvendige koblingsanlegg for linjetilknytning for begge kraftverkene. Begge koblingsanleggene skal tilhøre Seimsdal Kraft.*
- *Legging av en 22 kV jordkabel fra Øyni kraftstasjon til Leitet kraftstasjon*
- *Legging av 1000 V jordkabel fra Leitet kraftstasjon til de to inntakene*

samt

- *Tillatelse for Årdal Energi EF til å etablere 22 kV kabelforbindelse fra koblingsanlegget ved Øyni kraftstasjon til sekundærstasjon på Årdalstangen, for tilknytning til 22 kV-nettet.*

3. Etter forurensningsloven om tillatelse til:

- *Gjennomføring av tiltakene.*

4. Etter oteigningsloven om tillatelse til:

- *Ekspropriasjon.*

Hoveddata for de planlagte kraftverkene fremgår av tabellen på neste side.

Hoveddata for de planlagte kraftverkene (gjelder opprinnelig søknad):

		<i>Leitet</i>	<i>Øyni</i>
<i>DATA FOR TILSIG</i>			
<i>Nedbørfelt</i>	<i>km²</i>	22,3	33,6
<i>Middelvannføring (1961-90)</i>	<i>m³/s</i>	1,01	1,38
<i>Middelvannføring (1961-90)</i>	<i>mill. m³</i>	31,9	42,7
<i>Alminnelig lavvannføring</i>	<i>m³/s</i>	0,019/0,006 *	0,047
<i>5 - persentil sommer (1.5-30.9)</i>	<i>m³/s</i>	0,081/0,027 *	0,321
<i>5 - persentil vinter (1.10-30.4)</i>	<i>m³/s</i>	0,019/0,005 *	0,044
<i>DATA FOR KRAFTVERK</i>			
<i>Inntak på kote</i>		665	320
<i>Avløp på kote</i>		425	30
<i>Fallhøyde, brutto</i>	<i>m</i>	240	290
<i>Midlere energiekvivalent</i>	<i>kWh/m³</i>	0,55	0,66
<i>Slukeevne, maks</i>	<i>m³/s</i>	1,56	2,70
<i>Slukeevne, min</i>	<i>m³/s</i>	0,16	0,27
<i>Tilløpsrør, lengde</i>	<i>m</i>	1 725 + 600	2 450
<i>Tilløpsrør, diameter</i>	<i>mm</i>	800/700, 600	1 000/900
<i>Installert effekt, maks</i>	<i>MW</i>	2,9	6,0
<i>Brukstid</i>	<i>t</i>	3 275	3 000
<i>Magasinvolument mill.</i>	<i>Mm³</i>	0	0
<i>HRV</i>		670	325
<i>LRV</i>		670	325
<i>DATA FOR PRODUKSJON</i>			
<i>Produksjon, vinter (1/10 – 30/4)</i>	<i>GWh</i>	1,5	3,0
<i>Produksjon, sommer (1/5 – 30/9)</i>	<i>GWh</i>	8,0	15,0
<i>Produksjon, årlig middel</i>	<i>GWh</i>	9,5	18,0
<i>DATA FOR ØKONOMI</i>			
<i>Utbyggingskostnad</i>	<i>mill.kr</i>	31,6	44,7
<i>Utbyggingspris</i>	<i>kr/kWh</i>	3,3	2,5

* hhv. Seimsdalselvi og Klettagrovi

Elektriske anlegg

<i>Generator</i>	<i>Ytelse MVA</i>	<i>Spenning kV</i>
	3,2 / 6,7	0,4 (evt. 0,66)/ 0,4 (evt. 0,66)
<i>Transformator</i>	<i>Ytelse MVA</i>	<i>Omsetning kV/kV</i>
	3,2 / 6,7	0,4/22 / 0,4/22
<i>Jordkabel/sjøkabel</i>	<i>Lengde m</i>	<i>Nominell spenning kV</i>
	9.500-10.000	22 / 22

Høring og distriktsbehandling

Søknaden ble sendt på høring og lagt ut til offentlig gjennomsyn den 25.10.2006. Høringsfristen ble satt til 20.12.2006. Ved høringsfristens slutt var det kommet inn 13 høringsuttalelser til søknaden. NVE mottok søkers kommentarer til de innkomne høringsuttalelser den 14.5.2007. På grunnlag av de innkomne høringsuttalelsene ble det besluttet å stille krav om tilleggsinformasjon fra søker, jf. brev datert 1.6.2007. NVE mottok svar fra Seimsdal Kraft AS den 11.10.2007 vedlagt dokumentasjon og forslag til planendringer. Foreslåtte planendringer ble deretter sendt på begrenset høring den 10.1.2008. NVE mottok søkers kommentarer i forbindelse med den begrensede høringen den 28.4.2008. Sluttbefaring i utbyggingsområdet ble gjennomført 26.5.2008.

Innholdet i de enkelte høringsuttalelsene refereres/gjengis:

Årdal kommune behandlet saken i kommunestyret den 25.1.2007. Det ble gjort følgende vedtak:

"Årdal kommune rår sterkt til at det vert gitt konsesjon til utbygging av Leitet kraftverk og Øyni kraftverk.

Årdal kommune føreset at det i konsesjonsvilkåra vert stilt krav om minstevassføring nedstraums inntaka tilstrekkeleg til å ivareta flora, fauna, landskap og friluftsliv.

Årdal kommune har foreslått tiltak under vurdering av deltema, og ber om at NVE og tiltakshavar tek omsyn til desse i den vidare handsaminga av konsesjonssøknaden, detaljplanlegginga og i utbyggingsperioden for kraftverka."

I vurderingen av de enkelte deltema fremsetter/foreslår kommunen følgende krav/tiltak:

"Tiltak, overordna planar, byggesakshandsaming, detaljplanlegging

- *Årdal kommune vil handsame dispensasjonssøknad frå overordna planar for gjennomføring av Leitet kraftverk og Øyni kraftverk når det ligg føre konsesjon frå NVE.*
- *Sidan utbygginga skjer i konsentrert bustad/hytteområde og i sentrale nærfriluftslivsområde ynskjer Årdal kommune å ha høve til å gi uttale til inntaksleidningar, vegar, bygg og inntaksdammar når detaljplanane ligg føre.*

Krav om minstevassføring

- *Årdal kommune føreset at det i konsesjonsvilkåra vert stilt krav om minstevassføring nedstraums inntaka tilstrekkeleg til å ivareta flora, fauna, landskap og friluftsliv.*
- *Årdal kommune ber NVE vurdere om maksimalt vassuttak i kraftverka skal avgrensast av omsyn til vassføringa i elva.*
- *Årdal kommune ber NVE av omsyn til vassføringa/naturmiljø i elva, vurdere kva inntaksleidning (Seimdalselvi eller Klettegrov) som skal ha prioritet til Leitet kraftstasjon.*

Tiltak naturmiljø

- *Årdal kommune føreset at det vert lagt vekt på innhaldet i miljørapporten om naturmiljøet i den vidare handsaminga av søknaden.*
- *Årdal kommune ber NVE og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane vurdere om det skal gjerast oppfølgjande undersøkingar av gyteplassar og ungfisksituasjonen for sjøaure i elva. Undersøkingane må avklare kor lang strekning av elva som er sjøaureførande.*

- *Årdal kommune føreset at det vert nytta landskapsfagleg kompetanse i detaljplanlegginga av vassinntak /basseng og at NVE vurderer kva dimensjonering som er naudsynt for kvart inntak. Landskapsinngrep for inntaka skal gjerast minst mogleg synlege gjennom utforming, materialbruk og terrengtilpassing. Anleggsområda skal minimaliserast.*
- *Årdal kommune føreset at NVE vurderer tersklar som avbøtande tiltak for i elvelandskapet (vassvolum /vassflater), for oppvekstvilkår for fisk, og for friluftslivet t.d. oppretthalde badeaktiviteten i elva.*
- *Årdal kommune føreset at i arbeidet med inntaksleidningar vert det lagt vekt på ei handsaming av vekstjordlaget for å framskande revegeteringa. Grøftetrasear utanom eventuelle turvegtrasear skal revegeterast med stadegen vegetasjon, tilpassa eksisterande mosaikk i vegetasjon og landskap.*
- *Årdal kommune føreset at der røyrtraseen kryssar eller går langs myr- eller sumpareal vert det sett i verk tiltak for å hindre dreneringseffekt av inngrep.*
- *Årdal kommune føreset at kantvegetasjon langs elva så langt mogleg skal takast vare på under anleggsarbeidet.*
- *Årdal kommune føreset at anleggsarbeidet vert utført ei tid på året som ikkje påfører faunaen unødig stress eller uroar ynglebiotopar.*

Tiltak kulturminne

- *Årdal kommune føreset at det vert gjort naudsynt vidare prøvegraving i området for røyrleidning og inntak. Slik prøvegraving vil avklare om det må gjerast vidare utgravingar og evt søkjast om frigjeving av området i samsvar med Lov om kulturminne.*
- *Årdal kommune føreset at fylkeskommunen og dei antikvariske styresmaktene vert orienterte om prøvegravingsrapporten av juli 1986 og føreteke dei naudsynte vurderingar som trengst etter kulturminnelova.*
- *Årdal kommune føreset at ein under detaljplanlegginga så langt mogleg unngår inngrep i enkeltelement som er viktige for kulturlandskapet. Til dømes skal ein ved kryssing/berøring av steingardar, eldre vatningsveiter osb sette i stand elementa etter at tiltak er gjennomført.*
- *Årdal kommune ber om at veit- og vasssystemet vert registrert, digitalisert, presentert og gjort tilgjengeleg for ålmenta og for skuleverket i historieundervisninga med moderne teknologi.*
- *Årdal kommune meiner at Seimsdal kraft bør bidra til istandsetting/restaurering av kulturlandskapet i Seimsdalen til dømes hindre attgroing, sikring av eldre ferdsselsårar, veit/vasssystemet, sikre steingardar osb. som avbøtande tiltak for ei kraftutbygging.*

Tiltak friluftsliv

- *Årdal kommune føreset at utbyggjar framskaffar kart som viser eldre ferdsselsårar, stølsvegar, turvegar og stiar og nyttar dette som del av grunnlagsmaterialet for detaljplanlegginga av kraftverka. Der veg og røyrtrasear kjem i konflikt med eksisterande turvegar/stiar, må desse settast i stand/eventuelt omleggjast.*
- *Årdal kommune føreset at røyrгатetrasear som kan ha framtidig funksjon som turveg/tursti, skal kunne nyttast til dette, og opparbeidast ferdig som del av anleggsarbeidet for kraftverka.*
- *Om røyrtraseen frå Asperheim til Dalaker vert lagt over innmark, ber Årdal kommune om at det vert eit vilkår at det skal opparbeidast enkel turveg/tursti for ålmenta i beitemarka/kulturlandskapet ovanfor Asperheim og Dalaker fram til eksisterande køyreveg.*

Alternativt skal det sikrast rett til at det i framtida kan opparbeidast slik enkel turveg/tursti i området.

- *Om inntak til Leitet kraftverk vert som i søknaden føreset Årdal kommune at anleggsvegen til inntaket får ei plassering og utforming som kan nyttast som framtidig turveg, og vert kopla tilurstien til Feninga.*
- *Årdal kommune ber om at tiltakshavar som avbøtande tiltak for friluftslivet skal utbetre og utvide eller etablere ein ny parkeringsplass for turvegnettet til Feninga etter nærare avtale og avhengig av endeleg plassering av inntaket i Seimsdalselvi til Leitet kraftverk. Overskotsmasse frå grøftetrasear kan nyttast til dette og tiltaket bør kombinerast med etablering av riggområde.*
- *Årdal kommune meiner at om det vert nedgrave inntaksleidning mot Kletta bør denne etablerast som tilkomstveg til stølsområdet, jfr. at det tidlegare er godkjent ein plan for vegtilkomst til området. Vegen skal vere open for køyring for ålmenta.*

Tiltak jordbruk og skogbruk

- *Grøftetrase/tiltak bør ikkje leggjast gjennom førekomstar av svartor.*
- *Skogvirket som vert hogd i samband med anleggsverksemd bør nyttast til tømmer/ved.*
- *På dei stader der vassrøyret skal gravast ned i jordbruksareal som er i produksjon/drift, bør gravarbeidet så langt mogleg gjennomførast utanom vekstsesongen.*

Prosjektøkonomi, kommunal økonomi

- *Årdal kommune føreset at Seimsdal Kraft set av naudsynte midlar til gjennomføring av avbøtande tiltak og miljøtiltak i kraftutbyggingsprosjektet.*

Tiltak vassforsyning

- *Det er ein føresetnad at utbyggjar må gjennomføre avbøtande tiltak om private vassforsyningsanlegga vert berørt av utbygginga.*

Tiltak skredfare, risikovurdering

- *Årdal kommune ber NVE vurdere om det er trong for nærare utgreiing om rasfare/stabilitet, og om dette skal ha konsekvensar for den vidare lokalisering og prosjektering av tiltaket.*
- *Årdal kommune ber om at inntaksleidningen gjennom steinura ved Dalaker vert vurdert tildekka og revegetert.*
- *Årdal kommune ber NVE vurdere om det er trong for ei risikovurdering av tiltaket, mellom anna i forhold til utbygde areal, jordbrukseigedomar.*

Tiltak støy

- *Årdal kommune føreset at kraftstasjonane ikkje vil gi negativ støyverknad for omgjevnadene og at det i den tekniske detaljplanlegginga vert teke optimale omsyn til støydemping.*

Tiltak infrastruktur

- *Endeleg avklaring av omfanget og bruk av permanente vegar skal skjei samråd med Årdal kommune. Årdal kommune føreset i utgangspunktet at ålmenta skal ha køyrbar tilkomst på dei permanente anleggsvegane som vert bygd.*
- *Årdal kommune føreset at tiltakshavar har ansvar for at eksisterande vegnett ikkje vert påført skade under anleggsarbeidet. Vegnettet skal etter utbygginga ha same standard som før*

utbygginga. Det skal gjennomførast ein startsynfaring og sluttsynfaring med kommunen om bruk, drift og vedlikehald av eksisterande vegnett.

- Årdal kommune føreset at det før anleggsstart vert gjort ei vurdering i lag med leidningsetatane om nye grøftetrasear kan kombinerast med å forbetre infrastrukturen ved legging av jordkablar til ulike føremål: erstatte luftnett, nye straumtilførselar, kabel-tv, intern nettilgang osv.
- Årdal kommune føreset at tiltakshavar må sikre at eventuell ny sjøkabel ikkje kjem i konflikt med eksisterande leidningsnett i sjø. Kystverket skal godkjenne sjøkabelen.

Tiltak riggområde /anleggsperiode

- Riggområde skal nærare avklarast med Årdal kommune. Nye riggområde skal etablerast i tilknytning til hovudvegnettet og plasserast/utformast slik at området kan etterbrukast, til dømes som parkeringsareal for friluftslivet.
- Årdal kommune føreset at tiltakshavar reduserer verknader og verkeperioden for anleggsarbeidet mest mogleg, både for brukarar og naturmiljø.
- Årdal kommune ber om at tiltakshavar under arbeidet med detaljplanar og gjennomføring held fram med å arrangere informasjonsmøte med nærmiljøet, om det endelege innhaldet i utbygginga, om anleggsaktivitet og om framdrift. Årdal kommune har positiv røynsle med slike grendamøte under anleggsarbeidet med nytt Tyin kraftverk.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane konkluderer i sin uttalelse av 2.5.2007 med følgende:

"Fylkesmannen vurderer at desse utbyggingane er konfliktfylte, og da særleg i høve til biologisk mangfald, landskapsverdiar og friluftslivsinteresser. Med føresetnad om krav til minstevassføring finn vi likevel ikkje at det er så store nasjonale eller regionale allmenne interesser som vert råka at vi rår i frå utbyggingane. Det må takast omsyn til raudlista fugleartar og sjeldne naturtypar ved val av trase for røyrgate og tidspunkt for anleggsarbeidet. Fylkesmannen legg elles til grunn at det vert teke omsyn til framlegg til tiltak i Årdal kommune si vurdering av søknaden."

Fylkesmannens vurderinger i tilknytning til de enkelte tema:

"Landskap og friluftsliv

Elva betyr lokalt mykje landskapsmessig, og det er planlagt utbygde parti som har godt innsyn, både for fastbuande og friluftsliv. Når det gjeld fossar og større stryk skil Torlifossen, ca. 100 m nedanfor inntaket til Leitet kraftverk, og Hjelsengfossen seg særskilt ut som flotte lokale landskapselement.

Inntaksdam, vegar og røyrgateframføring vil gje meir eller mindre varig synlege inngrep i naturen. Noko vil bli synleg over eit større område, som for eksempel røyrgate i dagen (ev. m. trallebane) frå Kletta og ned.

Både øvre og nedre delar av elva vert nytta til friluftsliv. Dei nedre delane er i nærområde til hovudbusetnaden i Seimsdalen (i dag om lag 160 husstandar med planar som gjev rom for bygging av 60-70 nye). Dei øvre delane er knytt meir til støls- og hyttelivet og fjellturar m.m. Det er badeplass under Hjelsengfossen. Kommunen har registrert over 40 hytter i dalføret og vedtekne planar opnar for fleire. Heile Seimsdalen er viktig for friluftsliv og rekreasjon både for dei som bur eller har hytte der, og for folk frå andre stader i kommunen - særleg den nærmaste tettstaden som er Årdalstangen.

Når det gjeld friluftsliv viser vi elles til uttale frå Sogn og Fjordane Turlag.

Naturmiljø, biologisk mangfald og inngrepsfri område (INON)

I miljørapporten til søknaden er det konkludert med at bygging og drift av Øyni kraftverk vil ha ubetydeleg konsekvens for artsmangfald og naturtypar når det gjeld flora, men svært stor negativ konsekvens for biologisk mangfald når det gjeld vilt. Tilsvarande vil bygging og drift av Leitet kraftverk ha liten negativ konsekvens for flora, men svært stor negativ konsekvens for vilt.

Det vert vurdert at dei vassavhengige fugleartane fossefall, vintererle og strandsnipe vil forsvinne ved redusert vassføring i elva, og at den regionalt sjeldne huldremosen mistar livsmiljøet sitt ved ei utbygging som planlagt. Vintererle er ein sjeldan fugleart på Vestlandet. I Norsk fugleatlas frå 1994 er det berre registrert ein annan lokalitet i heile fylket, og det er svært få i vestlandsfylke elles (for eksempel ein i Hordland, ingen i Møre og Romsdal). Vintererle er avhengig av fossar og stryk. I Norsk Fugleatlas heiter det at "Fallhøyde og vannmengde i elvene er vesentlig for å oppnå preferert vannhastighet." Både vintererle og huldremosen er registrert ved Torlifossen. Det er også observert gulerle i elva (mogleg raudlista engelsk- eller sørleg underart). Vassføringa i elva kan også virke inn på vasshushaldninga i det elvenære området. Mellom anna er det nemnt at kantskogen langs elva i ein del område er gunstig for ein del raudlista fugleartar, og at skogen ved elva kan bli varig påverka av lågare grunnvasstand.

Når det gjeld inngrepsfrie område er det rekna ut at 1,48 km² villmarksprega område vil gå tapt i tillegg til ein del areal i sone 1 og 2. Det villmarksprega området er høvesvis stort og ligg på ei halvøy mellom Lustrafjorden og Årdalsfjorden. Vi reknar med at det etter kvart kjem søknad om kraftutbygging i Offerdalselvane. Desse og ev. framtidige hyttefelt kan også gje reduksjon i det villmarksprega område på halvøya. Flytting av inntaksdammen for Leitet kraftverk til nedanfor Torlifossen og bortfall av inntak i Klettagrovi vil gjere utbygginga mindre konfliktfylt i høve til villmarksprega område.

Fisk og fiske

Det er konkludert med at bygging og drift av Øyni kraftverk vil ha svært stor negativ konsekvens for fisk. Bygging og drift av Leitet kraftverk vil ha stor negativ konsekvens.

Det er opplyst at ein reknar med at Hjelsengfossen fungerer som vandringshinder for sjøauren. Den ligg ca. 800 meter frå utløpet i fjorden. Øyni kraftverk vil påverke dei ca 300 øvste metrane direkte med vassuttaket, og dei nedste 500 metrane til sjøen kan bli påverka ved ev. utfall av kraftstasjonen.

Resten av dei berørte elvestrekingane (til saman mellom 4,5 og 5 km) har brunaure. Søkjar viser til at fiske etter brunaure er lite utbreidd, og det same gjeld truleg også for fiske etter sjøaure. Vi kan ikkje ut i frå miljørapporten sjå korleis registrering i elva har vore utført, og ber om at det vert gjort ei enkel undersøking med el-fiske av den anadrome strekninga før ev. utbygging. Dette mellom anna for å få ein god statusrapport før delar av strekninga vert fråført vatn. Det bør også lagast eit forbisleppingsarrangement (forbisleppingsventil) ved Øyni kraftstasjon, slik at utfall ikkje fører til dramatisk reduksjon av vassføringa på resten av den anadrome strekninga nedstraums kraftstasjonen.

Ureining, vasskvalitet og støy

Slik vi oppfattar søknaden er busetnaden i den tettast busette delen av Seimsdalen knytt til offentlig kloakknett med mekanisk reinsa utslepp i fjorden. Det er truleg også nokre separate avløpsanlegg lenger oppe i dalen. Det er elles lite husdyrhald i nedbørsfeltet no. Vi har ikkje målingar av vasskvaliteten i elva, men ventar ikkje monalege endringar i samband med drifta av anlegget.

Det er ikkje gjort vurderingar av støy i søknaden, men både kraftverka bør få best mogleg støyisolering osv. ut i frå nærleik til busetnad og friluftsliv. Vi føreset at dette vert ivareteke i planlegginga og detaljgodkjenninga av anlegga.

Ein del busetnad har drikkevatt frå grunnvasskjelder i området. Søkjar meiner at redusert vassføring i elva ikkje vil påverka desse drikkevasskjeldene.

Landbruk

Det vert vurdert at det er lite eller ingen negative konsekvensar for landbruksdrifta i området ved bygging og drift av Leitet og Øyni kraftverk.

Vurdering

Det er utarbeidd ein omfattande søknad med vedlagt miljørapport. Grunnlagsopplysningar og undersøkingane verkar jamt over for å vera grundige og omfattande. Vi må ta høgde for at det ikkje er gjort undersøking på alle dei berørte elvestrekningane. Når det gjeld fisk vurderar vi at det bør gjerast ei enkel undersøking for å få status for sjøauren før ev. utbygging, jf. ovanfor om fisk og fiske.

Dei planlagt utbygde elvestrekningane er svært sentrale for friluftlivet, landskap og biologisk mangfald. Det er ikkje i tråd med dagens vassdragsforvaltning å turrleggja elvar/elvestrekningar. På grunn av dokumenterte verdier av vassføring i elva, og manglande undersøking for enkelte elvestrekningar, ser vi det som ein føresetnad at det vert krav om minstevassføring i vassdraget. Den bør vera minimum allminneleg lågvassføring, og det bør differensierast mellom sommar og vinter slik at kravet til minstevassføring i sommarmånadane vert større.

Eit anna viktig avbøtande tiltak for både biologisk mangfald (huldremose og vintererle), landskap, friluftsliv og INON, vil vere å flytta inntaket til Leitet kraftverk til nedsida av Torlifossen. Det er elles positivt at vatnet går i elva på dei nedste 500 m til sjøen, mellom anna med tanke på sjøaure. Dersom grunnvatn og drikkevasskjelder vert påverka av redusert vassføring må utbyggjar erstatte dette.

Når det gjeld biologisk mangfald på land, er det to område som peikar seg ut som særskilt verdifulle. Det eine området ligg i Klettabrekka. Her er det eit område med gamal artsrik lågurtskog med osp/furu-dominans, og det er stor fare for negativ påverknad på fuglar, både ved anleggsaktivitet og hogging av reirtre. I tillegg er dette den delen av prosjektet som vil gje størst negativ landskapspåverknad sett frå lengre hald (røyrgate i dagen og ev. trallebane vil bli synleg frå fjorden, andre sida av fjorden osv.) Lengre oppe (mot Kletta) kan røyrgate også gje uønskt drenering av myrområde, og gjere det mindre attraktivt for vadefugl. Vi meiner at alternative løysingar bør vurderast, for eksempel profilboring/sprenning av tunnel eller kutte ut overføring av Klettagrovi og finne ein annan røyrgatestrase.

Det andre området gjeld ei svært fint utvikla beitemark like utanfor innmarka på Dalaker. I rapporten heiter det at dersom naturverdiane her skal takast vare på må røyrgata gå gjennom innmark. Denne lokaliteten er ikkje registrert i samband med naturtypekartlegginga i regi av kommune. Desse kartleggingane som dei fleste kommunane no har fått utført har likevel hatt eit svært avgrensa budsjett, og det har gjeve lite rom for undersøkingar ut over det som allereie er kjent og registrert frå før. Vi har vore i kontakt med Aurland Naturverkstad v. Siri Bøtun, som har laga rapporten for Årdal kommune. Dei vurderte området på avstand. Ut i frå det som no er registrert av plantar og nærleiken til busetnad/gardsbruk er det sannsynleg at denne lokaliteten er tidlegare slåtteeng som etter kvart har fått karakter av naturbeitemark. Truleg er det ein frøbank i jorda som gjer at området har eit tilbakeførings-/restaureringspotensiale.

I naturtypekartlegginga vart det registrert 10 slåtteng- og 4 naturbeitemarklokalitetar, med ein av kvar type i klasse A (svært viktig). Generelt er slåtteeng ein endå meir trua naturtype enn naturbeitemark, og utfordringane er særleg knytt til å take vare på desse områda for framtida. Kommunen forvaltar årlege tilskotsmidlar til skjøtsel av gamle og verdifulle kulturlandskap. Da må dei ulike områda vurderast opp mot kvarandre og prioriterast. Med avgrensa skjøtelsmidlar kan tilkomst og driftstilhøve (for eksempel om det er mogleg å bruke tohjulsstraktor kontra ljà) vere viktige moment for kor mykje arbeid ein får utført og areal ein får teke vare på for ettertida. Kommunen bør difor vurdere korleis dette området, som truleg er rimeleg lett tilgjengeleg, bør prioriterast i forhold til andre tilsvarande område og tilgjengelege ressursar.

Vi vil sterkt rå til at røyrgata vert lagt utanom lokaliteten. I tillegg til omsyn til sjølve kulturmarksvegetasjonen vil vi peike på funnet av gulerle. Dette er ein kulturmarkstilknytt art som er sjeldsynt i Sogn og Fjordane. Den norske underarten såerle er vidt utbreidd i seterregionen på Austlandet, men førekjem nesten ikkje på vestsida av fjella. Det er ikkje urimeleg om det er denne som er observert i Seimsdalen. Naturgeografisk ligg dalen i noko av dei mest innlandsprega stroka som er på Vestlandet. Det verkar som dalføret har eit visst innslag av austlege fuglearter som elles er uvanlege i landsdelen, noko som er med på å understreke trongen for å ta vare på vitale leveområde både i skog og i artsrike, gamle kulturlandskap.

Vi har følgjande tilråding om avbøtande tiltak i prioritert rekkefølge:

- *Det bør vera minstevassføring på alle elvestrekningar. Dette bør minimum vera alminneleg lågvassføring, men meir om sommaren for å få vassføringa miljøbasert og av landskapsomsyn.*
- *Inntaket for Leitet kraftverk bør flyttast til nedanfor Torlifossen.*
- *Røyrgatetrase må leggjast utanom naturbeitemark på Dalaker.*
- *Det bør vurderast alternative løysingar for røyrgate i Klettebrekka.*
- *Årdal kommune har ei rekke tiltak i sin vurdering av søknaden som er høgst aktuelle og bør følgjast opp. Kommunen har lang praksis med kraftutbygging og erfarne folk til å vurdere landskapstilpasningar ved vegbygging, massedeponi osv.”*

Sogn og Fjordane fylkeskommune behandlet saken i fylkesutvalget den 22.2.2007. Det ble gjort følgende vedtak:

”Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at konsesjon vert gitt for Leitet og Øyni kraftverk på visse vilkår basert på at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert større enn ulempene og at kraftverka vil styrke næringsgrunnlaget lokalt.

Inntaket i Klettagrovi bør sløyfast og røyrgata frå inntaket i Seimselvi bør leggjast nærare elva slik at ein unngår det vanskelege terrenget i Klettebrekka. Inntaket i Seimselvi bør flyttast nedstrøms Torlifossen.

Frå inntaka til dei to kraftverka bør det sleppast minstevassføring minst lik alminneleg lågvassføring. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg elles til grunn at det vert teke omsyn til føresetnadane for konsesjon i vedtaket frå Årdal kommunestyre.”

Det refereres fra fylkesrådmannens vurdering i saken:

”Fordelane ved tiltaket er fyrst og fremst av økonomisk karakter og knytt til energiproduksjon på 27,5 GWh/år. Dei to kraftverka vil samla sett bidra til å sikre lokal busetting og inntektsgrunnlag. Leitet kraftverk er isolert sett ikkje særleg gunstig økonomisk og miljøulempene er relativt store.

Fylkesrådmannen meiner ut frå ei samla vurdering at fordelane ved dette prosjektet ikkje vil overstige ulempene utan vesentlege avbøtande tiltak. Dersom Leitet kraftverk skal realiserast slik det er planlagt, må det takast spesielle omsyn til stølsmiljøet på Kletta. Her vert dei avbøtande tiltaka viktige. Overflatevegetasjonen (torva) må takast forsiktig av, for så å nyttast til overdekking etter at gravearbeidet er ferdig. All overskotsmasse må plasserast i terrenget på ein slik måte at det ikkje er skjemmande. Her bør det og nyttast naturleg vegetasjon til overdekking. Der det i samband med legging av rørgata, eller ved anna aktivitet i tilknytning til anlegget, vert gjort skade på steingardar, stølsvegar eller andre spor etter stølsdrift, må dette byggjast opp att på ein slik måte at det i ettertid vert lite synlege spor etter anleggsdrifta. Det same gjeld om rørgata eller anna anleggstrafikk kjem i konflikt med vatningsveitar eller andre tekniske strukturar i landskapet.

I registreringane for det økonomiske kartverket ligg det tre automatisk freda kulturminne i tilknytning til prosjektområdet; ei gravrøys på Hjelseng, ei gravrøys på Asperheim og ei gravrøys på Klettastølen. I tillegg til desse registreringane vart det på midten av 1980-talet gjennomført arkeologiske undersøkingar i Seimsdalen. Det vart her dokumentert 3 tufter på Øydestølen ved Fenninga om lag 700 meter NV for Fenninga, 4 tufter på Setadn om lag 300 meter NNV for stølstunet på Kletta og 15 kolgroper på eit flatare parti i nordaust-skråninga. Tuftene og kolgropene har dateringar frå tidsrommet frå folkevandringstida til tidleg mellomalder. I tillegg til desse registrerte tuftene og kolgropene i nærområdet til Klettastølen, er det sannsynleg at området inneheld ytterlegare spor etter automatisk freda kulturminne.

Fylkesrådmannen finn det difor naudsynt med arkeologiske registreringar for oppfylling av undersøkingsplikta § 9 i Kulturminnelova. Registreringane vil omfatte areal for inntaka, planlagde rørgater og anleggsvegar og riggområde, og elles generelt for areal som vert råka av fysiske inngrep i samband med utbygginga. Tilhøvet til dei allereie registrerte kulturminna skal også vurderast. Kulturminneregistreringa må gjerast på snø- og telefri mark og i god tid før tiltak i terrenget skal gjerast. Dersom automatisk freda kulturminne blir påvist, skal dei handsamast i tråd med vanleg forvaltningspraksis for slike.

På grunn av konsekvensane for landskap, kulturminne og brukarinteresser inkludert friluftsliv meiner fylkesrådmannen at den planlagde rørgata i grøft forbi Klettastølen og rørgata i dagen med evt. paralleltgåande trallebane ned Klettebrekka, har for mange negative konsekvensar. Fylkesrådmannen rår difor til at inntaket i Klettegrovi blir sløyfa og at rørgata frå inntaket i Seimselvi vert lagt nærare elva. Inntaket bør vidare flyttast nedanfor Torlifossen.

Begge prosjekta er foreslått utbygde utan slepping av minstevassføring. Med basis i dei konklusjonane som er refererte frå søknaden og miljørapporten, meier fylkesrådmannen at det må sleppast minstevassføring minst lik alminneleg lågvassføring frå aktuelle inntak.

Fylkesrådmannen viser elles til og støttar ei rekke meir detaljerte krav og vurderingar knytt til prosjektet i Årdal kommune sitt oversendingsbrev til NVE.

KONKLUSJON/TILRÅDING

Fylkesrådmannen rår til at konsesjon vert gitt for Leitet og Øyni kraftverk på visse vilkår basert på at dei økonomiske fordelane av tiltaka vert større enn ulempene og at kraftverka vil styrke næringsgrunnlaget lokalt.

Inntaket i Klettegrovi bør sløyfast og rørgata frå inntaket i Seimselvi bør leggjast nærare elva slik at ein unngår det vanskelege terrenget i Klettebrekka. Inntaket i Seimselvi bør flyttast nedstrøms Torlifossen. Frå inntaka til dei to kraftverka bør det sleppast minstevassføring minst lik alminneleg lågvassføring.”

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane sier i sin uttalelse av 19.12.2006:

"Seimsdalen er ein karakteristisk og vakker u-dal forma av istidene. Utsynet frå stølsområdet på Kletta og ut mot Årdalsfjorden er av dei vakreste du kan finne, og denne flata som stølane ligg på, er også svært særprega. Mest truleg er flata ein rest av ein eldre dal frå før istidene, ei såkalla dalhylle, med ein brattkant ned mot hovuddalen. Gjennom dalføret renn så den idylliske Seimsdalselvi med fleire vakre fossefall.

Ei såpass stor kraftutbygging vil etter vår meining få store konsekvensar for landskapet i Seimsdalen. Miljørapporten tek også sterkt i og konkluderer med "middels negativ konsekvens for landskapet". Dette er likevel ikkje å ta for sterkt i. Bygging av inntaksdammar, vegar fram til kraftverka, nedgraving av rørleidningar, truleg med sprenging einskilde stader, og sjølv kraftverka vil endre landskapsbildet kraftig. Særleg gjeld det landskapet ved det spesielle Klettaområdet, som vil få rørleidningar på begge sider av stølsområdet og ein skjemmande rørleidning i dagen ned bratthenget mot kraftstasjonen ved Leitet.

Det alvorlegaste vil likevel vere konsekvensane for vassdraget. Store deler av Seimsdalselvi, om lag 5 km, og i tillegg sidelva Klettagrovi, vil få "sterkt redusert vannføring" som det heiter i kraftselskapet sin miljørapport. Det må bety at elva vil bli nærast turrлагd i sommarhalvåret, då kraftproduksjonen vil gå for fullt, med dei konsekvensane det vil få både biologisk mangfald i og kring elva og menneska si oppleving av landskapet. Det er heller ikkje lagt inn nokon føresetnad om minstevassføring i søknaden, og det er vel eit teikn på at utbyggerane også meiner å ha bruk for alt det vatnet som vassdraget kan produsere. Det vesle vatnet som kjem frå dei små grøvene nedanfor inntaksdammene til dei to kraftverka, vil heller ikkje gje noko særleg tilskot til vassforsyninga i elva.

Seimsdalselvi har også fleire vakre fossar, dei mest karakteristiske er Torlifossen og Hjelsengfossen, og særleg Torlifossen med si heilt spesielle fonteneform er eit vakkert innslag i landskapet. Den "sterkt reduserte vannføringa" vil sjølv sagt føre til at desse fossane vil bli meir eller mindre borte i store deler av året, og dermed er ein viktig del av landskapsopplevinga også sterkt redusert.

Konsekvensar for dyrelivet og fiske

Det blir uttrykkeleg slege fast i miljørapporten til kraftselskapet at ei utbygging vil få store konsekvensar for dyrelivet og fisket i vassdraget. Konklusjonen er såleis at verknaden "på biologisk mangfald på vilt er vurdert å være meget stor negativ både på Leitet og Øyni kraftverk". Uttrykket "meget stor negativ konsekvens" er også brukt om fisket i elva. Dette er sterke ord, og konklusjonane byggjer m.a. på resultatet av den sterkt reduserte vassføringa i store deler av vassdraget som vil ha uheldige verknader på fuglelivet langs elva, m.a. fossefall og vadefuglar, og då sjølv sagt fisket i elva. Særleg området ved Kletta som har eit rikt dyreliv og mykje fugl med m.a. ein orrhaneleik, vil få merke konsekvensane av kraftutbygginga, og konklusjonen er her at "tiltakets påvirkning på vilt ved Kletta er stor negativ".

Konsekvensar for kulturlandskapet og kulturminne

Det er særleg det verdfulle stølsområdet på Kletta som vil bli råka av ei eventuell kraftutbygging. Dette gamle kulturlandskapet med gamle stølshus, bautastein, gravrøys og fornminnefunn vil særleg få merke anleggsperioden og tida etterpå, og "verdien av stølsområdet på Kletta vil bli betydelig redusert" (Miljørapporten). Miljørapporten hevdar likevel at verknaden på stølsområdet vil bli mindre etter kvart, men det kan likevel ikkje vere tvil om at legging av rørleidningar på begge sider av stølsvollen, rørleidning i dagen ned frå dalhylla på Kletta og anleggsvegar vil få uheldige fylgjer for dette flotte og særprega stølsmiljøet.

Konsekvensar for friluftsliv

Seimsdalen er mykje nytta til friluftaktivitetar som fotturar om sommaren og skiturar om vinteren, og då særleg av folk som bur i dalen og årdøler elles. Konklusjonen i miljørapporten er at ei kraftutbygging vil bli "middels negativ for både Leitet og Øyni kraftverk". Det blir særleg peika på dei uheldige verknadene av den "sterkt reduserte vassføringa" når det gjeld landskapsoppevinga. I tillegg kjem så dei spesielle problema som anleggsperioden fører med seg med støy, vanskar med å kome fram osv.

Alt dette er sjølvstykkt kjent frå andre kraftutbyggingar, men er særleg uheldig i eit område som har hatt så mykje kraftutbygging som Årdal. Vi trur også at Seimsdalen i framtida kan bli meir nytta som "innfallsport" til det flotte, men etter måten lite nytta fjellområdet mellom Årdalsfjorden og Lustrafjorden. Her skulle det vere mogleg å få til eit betre og merka rutenett for fotturistar og bygging av DNT-hytte. Ein god start på ein slik fottur i vakker natur ville då vere den flotte Seimsdalen!

Konsekvensar for landbruk og økonomi

Eit argument for bygging av småkraftverk vil vere at dette kan styrke økonomien i landbruket, og då særleg i utkantstrok. Dette er eit argument som vi i Naturvernforbundet har sans for og som vi tillegg stor vekt i samband med søknader om småkraftverk. I dette tilfellet må likevel bøndene sin økonomi tilleggast lite vekt. Dei fleste av dei 17 grunneigarane har inntekta si utanfor jordbruket, og mange bur heller ikkje i Seimsdalen. Berre to-tre av grunneigarane har jordbruk som hovudnæring etter det vi har fått opplyst. Det er difor lite truleg at denne kraftutbygginga kan redde jordbruk og busetting i Seimsdalen. Ein del inntekter kan det bli både for grunneigarar, kraftselskapet og Årdal kommune, men vi vil meine at dette slett ikkje kan kompensere for dei mange ulempene ved dette prosjektet.

Konklusjon

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har hatt mange småkraftsaker til uttale den siste tida. Nokre slike kraftverk har vi sagt ja til ut frå m.a. omsynet til busettinga, små skadeverknader på landskapet og sjølvstykkt at dette er rein og fornybar energi som vi treng i vår tid. Men vi har også sagt nei til ein del slike kraftutbyggingar, og vi vil meine at desse småkraftverka i Seimsdalen vil øydelegge mykje meir enn det som kan vinnast ved ei kraftutbygging. Vi har i denne fråsegna peika på mange moment som talar mot dette prosjektet, og vil ikkje repetere dei her, men vil ut frå dette meine at NVE skulle ha svært gode kort på handa for å seie nei til denne søknaden.

Vi vil elles oppmode NVE om å vente med avgjerda i denne saka til det er utarbeidd ein fylkesplan for småkraftverk for Sogn og Fjordane, noko regjeringa har gjort framlegg om. NVE bør også som tidlegare nemnt, krevje at Årdal kommune utarbeider ein kommunedelplan for vassdraga i kommunen slik ein del kommunar har gjort, og NVE må heller ikkje ta avgjerd i denne saka før ein slik plan ligg føre."

Aksjonsgruppa mot kraftutbygging i Seimsdalen sier i sin uttalelse av 22.12.2006 at de er sterkt i mot mot planene for kraftutbygging i Seimsdalen, spesielt Leitet kraftverk, men at de er åpne for å finne konstruktive løsninger dersom det er aktuelt å gi konsesjon. En underskriftskampanje mot utbygging er gjennomført, ca. 800 underskrifter ble samlet inn. Aksjonsgruppas kommentarer til miljørapport og søknad refereres:

"Miljørapport med biologisk mangfold.

Kommentar til punkt 3.1.1 Landskap.

På mange måtar kan ein sei at Seimsdalselva er livsnerva til dalføret. Den har stor verdi for brukarane av området då elva i heile strekket frå sjøen til Feninga fremst i dalen, ligg kloss ved vegen og turstiane. To av fossane er nemt i rapporten, men vi kan og nevna Dalsfossen og Helvetesfossen som naturskjønne element. Den berørte strekningen består og av fleire canyon prega strekningar der ein av dei ligg rett ved vegen og gir turgåarane ein spesiell naturopplevelse. Tørrlegging av Torlidfossen er eit element som vil gje stor negativ effekt. Turvegen til Kletta kryssar elva rett nedanfor fossen, som etter ei utbygging vil bli heilt eller delvis tørr. Dei nemte momenta vil påvirke temaet landskap i betydeleg grad.

Røyret som vert liggande i dagen, frå Klettaplataet og ned til Leitet kraftstasjon, kjem og i stor grad til å vera med å redusera verdien av landskapet. Dette røyret vert svært dominerande i dalføret og vil verta synleg heilt frå sjøen og fram, ja til og med frå RV 53 på motsatt side av fjorden.

Konsekvensen for landskapet vil få stor negative effekt ved ei utbygging. At elva vil bli turrlagd, eller vil gå med sterkt redusert vannføring vil forringa verdien av landskapet. I tillegg vil gravearbeidet, røyrgrater i dagen, stasjonar, bruer og andre element som kjem i kjølvatnet av ei utbygging, få negative konsekvensar for tema landskap.

Kommentar til punkt 3.1.2 Konsekvensvurdering.

I og med at elva blir lagt i røyr over så store avstandar det her er snakk om, ca 4,7 km av totalt ca 7 km berørt område, vil dette få store negative verknader for brukarane av området. Fossar og store elvstrekningar vert bort i mot turrlagde med alt det det innebær av negativitve verknader. Opplevelsen av landskapet vil bli svært forringa og verdien av området som tur og rekreasjonsområde vert dramtisk redeusert.

I kor stor grad sidebekkar og tilsig etter inntaka vil bidra til å redusere dei negative effektane er vanskeleg å spå. Seimsdalen er ein svært tørr dal, der flesteparten av sidebekkane turkar inn tidleg på sommaren, og eg vil tru at vegetasjonen tek opp mykje av tilsiget. I følgje Anders Årebru, som lokal kjentmann, tørka elva heilt inn i 1947. Fisk overlevde ved å søka til dei få kulpane som var igjen.

For Leitet kraftverk vil anleggsdelen medføra store inngrep i landskapet. Den kommunalt vedlikeholdte vegen frå Dalen og fram, er ein smal grus veg som ikkje er beregna for denne type trafikk. Fleire stadar vil utbyggjar måtte pårekna utbetningsarbeide for å få fram maskiner og materiell. Dette vil få landskapsmessige konsekvensar som ikkje er nemt i rapporten. Det er heller ikkje nemt tema som møteplassar, lagerplassar, riggområde, masseuttak osv. Alle slike element vil få negative landskapsmessige konsekvensar.

Det er antyda at overskytande masse vil bli arrondert i nærområde, noko som ytterligare vil gje negative effektar på landskapet.

Noko eg trur vil forverra situasjonen for Leitet i forhold til Øyni, er at anleggsarbeida for Leitet kraftverk foregår på kote 650. Gjengroing av sår etter anleggsarbeid går svært sakte i denne høgden, noko som vil forlenga den reduserte verdien av landskapet mykje. Eg er svært ueinig i at tiltaket for Øyni og Leitet kraftverker skal ha lik negativ konsekvens.

Med bakgrunn i min argumentasjon meiner eg at konsekvensen for Leitet kraftverk vert oppgradert frå middels negativ konsekvens til stor negativ konsekvens, mens for Øyni vert oppretholdt slik rapporten foresler, middels negativ.

Kommentarar til punkt 3.2 Inngrepsfrie naturområder.

I rapporten er dette med inngrepsfrie områder behandla. Det som er interessant og som aksjonsgruppa meiner bør vektleggast er at i databasen til Fylkeskommunen "fylkesatlas.no", er det fleire naturområder med lokal eller regional verdi som er definert.

- Kulturlandskap i kommunane.*
- Friluftsområder (FRIDA).*
- Viktige natur områder i Sogn og Fjordane.*
- Regionalt viktige kulturlandskap.*

(Sjå vedlegg 2)

Vi meiner då at for Leitet kraftverk bør vurderingen oppjusterast frå liten til middels stor negativ konsekvens og for Øyni oppjusterast frå ingen til liten negativ konsekvens.

Kommentarar til punkt 3.3 Biologisk mangfald.

Kva er biologisk mangfald. Biologisk mangfald er livets eigen forsikring. Planter produserer mat, meitmark lagar jord, skogen rensar luft, bremsar vind og held på jordsmonnet. Myrar og våtmarksområder tek opp vatn og hindrar oversvømming og mikroorganismar bidreg til karbonets og nitrogenets kretsløp.

Regjeringa sitt mål fram mot 2010. Regjeringa har i si Soria Moria erklæring som ein viktig målsetting å stansa raseringa av det biologiske mangfaldet.

For ei tid sida stod det ein artikkel på Miljøverndepartementet si heimesida: "Biologisk mangfald går i dag tapt i eit tempo som berre kan samanliknast med det som tidlegare har skjedd ved globale naturkatastrofar og brå klimavekslingar".

Vi blir som organisasjonar og einskild menneske oppfordra til å "ta eit tak" Med dette arbeidet aksjongsgruppa no gjer, prøver vi å følgja opp desse målsettingane.

Leitet kraftverk.

Når det gjeld sjølve undersøkinga av det biologiske mangfaldet på den berørte strekninga, vil eg påstå at dette var ei undersøking som det vart satt av alt for lita tid til. Sjølv om det vart nytta både lokal kunnskap, biologisk mangfaldsrapport frå Aurland Naturverkstad, og anna litterær informasjon, burde det vore avsatt meir tid.

Området frå inntaket til Leitet kraftverk på kote 665 til kraftstasjonen på kote på 425 er beskrevet til å ha stor betydning for vannfugl lokalt og truleg regionalt. Her finnes canyon prega naturområde med fossar og stryk, som ein ikkje veit så mykje om. Det ein veit, er at elva i dette området mest truleg vil verte heilt eller delvis turlagt i store delar av året då det er svært lite heilårsbekkar som kan forsyne hovedvassdraget. Mellom inntaket på Leitet kraftverk og kraftstasjonen er det berre ein til to sikre heilårsbekkar. Spørsmålet til minstevannføring i dette prosjektet er særdeles viktig, då ein veit at området har stor verdi for vannfugl.

Rapporten konkluderar og med at inntaket vert flytta nedanfor Torlidfossen. Dette er eit viktig poeng for oss som ikkje ynskjer kraftutbygging i Seimsdalen, då det her finnes den sjeldne mosetypen Huldrebekk mose.

Også den gamle ferdselsåra frå Årdalstangen via Kletta til Slettdalen blir berørt ved dei gamle brukara der inntaksdammen vil koma.

Gamle stien frå Torlid til Feninga kjem og ned ved brukara, og vil dermed bli berørt av inntaksdammen.

Eit anna viktig argument for oss i aksjonsgruppa, er at Torlidfossen vert teke vare på som det vakraste elementet i elva, og spesielt fordi den ligg så nær stien og brua over til Kletta, og dermed er med og skapa ei fantastisk naturoppleving.

Andre viktige områder i influensområdet for Leitet kraftverk er myrområdet ved Klettegrovi, og skog /naturområde i det varmekjære området Klettebrekka. Vi reagerar sterkt på at det ikkje er teke meir omsyn til valg av trasé forbi dette våtmarksområdet. Ei graving sprenging av grøfter i dette området kan føre med seg drenering og uttørring av denne myra, med negative effektar som for eksempel tilgroiing og ved at artar som er avhengig av våtmarksområder, forsvinn.

Fleire areal med fine forekomstar av kantarell vert og berørt. Ellers vil røytraseane gå gjennom dei finaste bærområda på kvar side av Klettebøen. Her finnes store mengder med tytebær, blåbær, krekling og molter.

Når det gjeld Klettebrekka finnes det her fleire varmekjære vekster noko som genererer eit variert dyreliv. (Kvitryggspetten).

Øyni kraftverk.

For elvestrekningen frå inntak ved Dalen til stasjonen ved Øyni føreligg det lite eller ingen biologiske data for sjølve elvestrekningen, mens det er lagt større vekt på biologisk mangfald i området der røyrgata skal gå. Dette meiner vi er sær uheldig, då det i dette området også finnes andre fossar enn det som er nemt i rapporten, som til dømes Dalsfossen og Helvetsfossen.

På den øvre strekninga av dette prosjektet, finnes og trange hjel med små fossar, stryk og kulpar. Desse områda burde blitt tatt meir med i undersøkingane.

I konklusjonen til konsulenten, vurderast tiltaket å ha ubetydeleg konsekvens for artsmangfaldet og naturtypar for Øyni kraftverk, og liten negativ konsekvens for Leitet kraftverk.

For Øyni kraftverk meiner vi at dei manglar grunnlagsdata for å kunne sei at dette vil ha ubetydeleg konsekvens.

For Leitet kraftverk synes vi og dei har for lite grunnlagsdata til å konkludera med liten negativ konsekvens. Vi meiner absolutt at dette bør justerast opp for begge prosjekta.

3.3.3 Dagens situasjon og verdivurdering vilt.

Pattedyr.

Som nemt i rapporten er det mykje hjort i influensområdet. For Leitet kraftverk vil dette få negative kosekvensar for hjortetrekk i området klettebrekka, Leitet kraftstasjon og elva. Frå toppen av sjølve Klettebøen og ned til stasjonen er røyrgata planlagt i dagen. I tillegg er det og planlagt ein utløpskanal til hovedelva. I dette området er det jamnleg mykje trekk av hjort. Den har ofte tilholdstad her før den trekker vidare opp i Skredene mot Skrednosi. Med slike hindringar vil hjorten få store problem med å kryssa i dei trekka den har hatt i generasjonar.

Amfibier.

Innslag av slike tema finnes i liten grad utover det som er nemt i rapporten. Det som kan nemnast er att i området mellom Leitet kraftverk, og inntaket til Øyni kraftstasjon, er ein damm som vi kallar Havtjødni. Her er det innslag av rompetroll som vi kallar det, og ein del frosk.

Fugl.

Fugleartar som ikkje er nemt i rapporten er snøugle, observert rundt 1990 (Arne Jevnaker), skogsdue, flaggermus (på Kletta), flugesnapper osv. I følge Svend Arne Vee, som fleire stadar i rapporten er brukt som referanse, er Seimsdalen eit unikt område i Årdal når det gjeld fugl. Han dreiv i ein 5 til 6 års periode jamnlege fuglestudiar i heile Årdal, men seier at Seimsdalen var noko for seg sjølv i den samanheng.

Eit anna viktig moment er at kvitryggspetten, som er ein rødliste art, er kjent for å ha tilholdsstad i meget viktige skogsarealer, noko som då borgar for at slike skogsareal finnes i Seimsdalen. I følge DN ville funn av artar på rødlista utløyst full konsekvensutredning ved større kraftutbyggingar.

I tillegg finnes det andre sårbare artar som hønehaug, kongeørn, jaktfalk osv. Det er vidare ikkje undersøkt om det er den direkte trua sørlege gulerla som er observert i influensområdet.

Observasjonen av flaggermus på Kletta kan godt være arten bjørkemus som på rødlista er definert som "bør overvåkast". Dette er moment som eg meiner bør utløse vidare undersøkelser.

På Kletta er det ein gamal orreleik. Traseen for røyrkata vil gå tvers gjennom dette området og vil med stor sansynlegheit få store konsekvensar for denne. Forsvinn leiken vil kanskje og nokre av rovfuglane forsvinna. På våren er det og eit stort innslag av spelande Heilo ved det berørte myrområdet. Det kan og nemnast at det stadig er observert gråhegre i vassdraget. Ved ei eventuell utbygging kan nokre av dei sjeldne artane bli pressa ut av området.

Konsekvensen av tiltaket med tanke på biologisk mangfald på vilt, er i rapporten vurdert til å vera meget stor negativ konsekvens for både Leitet og Øyni kraftverk. Dette meiner aksjonsgruppa må få store konsekvensar for utbyggjinga. Dersom dei får løyve til å byggja ut må det krevjast betydelege avbøtande tiltak. Tiltak som å flytta inntaket for Leitet kraftverk nedanfor Torlidfossen, minstevannsføring på alle berørte elvestrekningar, endring av røyrtrasé, utvida biologiske undersøkingar osv, meiner vi det er nødvendig å gjennomføra for at dette i det heile skal bli eit forsvarleg prosjekt.

Kommentar til punkt 3.4 Fisk.

Når det gjeld undersøkelser av fisk i vassdraget, hevdar rapporten at desse er særst mangelfulle. Berre av denne grunn åleine, bør ein vurder å ikkje starta ei utbygging før dette er skikkelegt utgreia. Ellers konkluderar dei med at dette tiltaket vil ha meget stor negativ konsekvens for fisk for Øyni kraftverk, og stor negativ konsekvens for Leitet kraftverk. Vi meiner at utbyggjinga vil medføre katastrofale konsekvensar for temaet fisk. Dette vil og gje betydelege utslag på bestanden av både fossefall, gråhegre og andre artar som livnærar seg av elva. Fritidsfisket i elva vil bli rasert utanom i området nedanfor Øyni kraftstasjon. Av dette meiner vi at konklusjonen bør vera meget stor negativ konsekvens for begge kraftverka.

Kommentarar til punkt 3.5 Kulturminner.

3.5.1 Dagens situasjon og verdi vurdering.

Det som er utelatt i dette punktet, er at det vart gjort geologiske utgravningar i området der Leitet kraftverk er planlagt bygd. Desse utgravningane kom i stand i forbindelse med at det vart gjennomført undersøkelser på Nyset-Steggje utbyggjinga. Utgravningane i Seimsdalen på Kletta vart gjennomført i 1986, av Universitetet i Bergen. Undersøkelsane vart gjort over 12 dagar. Funna er datert frå ca 800 til 1200 - 1300 tallet, som da strekker seg frå slutten av yngre jernalder til ca midten av middelalderen (sjå vedlegg 3). På denne korte tida vart det registrert i alt 9 tufter. Av desse vart 6 undersøkte. Funna ligg i eit område som består av fleire små platå i terrenget, like

ved bautasteinen med røysa som er nemt i miljørapporten. På det ytterste platået har vi funne 7 til 8 sirkelrunde groper.

Desse er ikkje nemt i vedlegg 3. I følge arkeolog Tore Bjørge ved Hordaland Fylkeskommune, kan dette vera kokegroper kor dei stelte i stand mat. Gropene er ca 120 cm i diameter, og om lag 60 til 80 cm djupe. Dette området ligg tilbaketrukket på sjølve Kletta, og i følge Universitetet i Bergen, som fysisk utførte desse utgravningane, vil det med stor sansynlegheit også finnast andre spor i området rundt desse utgravningane.

I miljørapporten er fornminne vurdert til å ha middels verdi. Dette meiner vi ikkje er korrekt, men bør få status som meget stor verdi. Grunnen til at vi meiner dette er at det ikkje er teke omsyn til desse utgravningane frå 1986. Ein bør og sjå dette i sammenheng med funn på Feniga, ca 5 km lenger framme i dalen, og dei lausfunn som er gjort av blant anna pilspiss på snauffellet like ved Kletta. Vi vil og oppfordra til at her vert gjort vidare geologiske undersøkelser før eit eventuell løyve vert gitt i henhold til Lov om Kulturminner § 3, § 4 a og h, for Leitet kraftverk.

For Øyni kraftverk meiner rapporten at tiltaket vil ha lite eller intet omfang på kultuminner. Det som ikkje er nemt i miljørapporten, er at det i traseen frå inntaket til Øyni kraftstasjon, og 2 km nedover etter den planlagde røyrtraseen, er ei gamal vatningsveit som endar opp på garden Asperheim. Bøndene som hadde tilgang til veita hadde kvar sine dagar dei fekk bruka ho. (jmf bygdeboka under temaet vatningsvatn.)

Tiltaket er beskrevet å ha liten eller intet omfang på kulturminner for Øyni kraftverk. Dette meiner vi ikkje er rett, då slike veiter har kulturhistorisk verdi. Med bakgrunn i dei tema eg no har henvist til, meiner vi at konsekvensen for Leitet kraftstasjon vert oppgradert frå liten/middels negativ til meget stor negativ.

For Øyni meiner vi at verdien må oppjusterast frå ubetydeleg til middels negativ konsekvens.

Kommentar til punktet 3.6 Brukarinteresser.

Seimsdalen er eit unikt utfarts, rekreasjons og naturområde. Området vert i hovedsak nytta av innbyggjarane i Seimsdalen, og på Årdalstangen. Skular og barnehagar både frå Årdalstangen og Øvre Årdal, er flittige brukarar av området. Området er nytta i sin heilhet på begge sider av elva frå sjøen og i dalens totale lengde.

Området er brukt som tuområde, til bading både i sjø og elv, til fiske, til bær og sopplukking, til jakt både av små og storsvilt, til skigåing, orreleik osv.

Dalen er viktig for Årdølene då det ikkje finnest slike område i nærleiken som har slik nær og lett vint tilgjengelegheit. Det som er årsaka til at det er så mykje brukt, er at det er så kort avstand frå Årdølene sitt bumiljø, til desse opplevelsane. Området er svært familievennlege då det er lett sjølv for ein stor familie med små barn og koma seg ut i naturen og oppleve alt det den kan gje.

No er Årdal inne i ein stor omstillingsfase med etableringar av fleire ny bedrifter. Eg trur at Årdal er mykje meir tent med slike naturtilbud, framfor turre elvar og røyrgrater.

I Seimsdalen er det og utplassert fleire turpostar. Ein er plassert på Asperheim og vil koma i konflikt med røyrgrata frå inntaket til Øyni kraftverk. To er plasserte på Kletta. For inneverande sesong er det ein 700 til 800 som har registrert seg på desse to postane på Kletta. Når ein då veit at det er mange som nyttar området utan å registrera seg på postane, vil ein berre kunne ane kor viktig dette området er. Det er konkludert med at konsekvensen for friluftsliv blir middels negativ for både Leitet og Øyni kraftverk.

Det er ganske utruleg å sjå at desse to kraftverka har samme konklusjon på konsekvens. Øyni blir ikkje så mykje berørt som Leitet når det gjeld friluftsliv. Traseen vil gå i eit område som allerde i dag er berørt av landbruk og utmarksområde.

For Leitet er situasjonen ein heilt annan. Her vert gamle stien og brua over elva ved Leitet kraftstasjon sterkt berørt. Ellers kryssar røyrgata også stien lenger oppe i Klettebrekka der røyret frå Klettegrov går. For stien som går frå Torlid og over til Kletta, vil røyrgata både gå langsetter og kryssa stisystemet i området. Det er og lansert planar om at anleggsvegen blir permanent, og at ei eventuell hytteutbygging kan verta realisert. Dette vil ytterligare foringa området i forhold til friluftsliv.

I rapporten vert det konkludert med at konsekvensen for friluftsliv vert middels negativ for både Leitet og Øyni kraftverk. Kan hende dette er tilfelle med Øyni kraftverk, men langt i frå når det gjeld Leitet kraftverk. Leitet bør oppgraderast frå middels negativ til meget stor negativ konsekvens.

Kommentarar til konsesjonssøknaden for Leitet og Øyni kraftverker i Seimsdalen Årdal kommune i Sogn og Fjordane.

Kommentar til punkt 2. Beskrivelse av tiltakene.

Det er påstått i rapporten at plasseringa av røyr, dammar, stasjonar og andre tekniske element, er ein samla vurdering av tekniske muligheit, økonomi, miljø, infrastruktur og bebyggelse. Det vi reagerar sterkt på er at røyrtraseane er planlagt så langt i frå vassdraget som det er gjort. Dette forsterkar dei negative effektane for naturmiljøet og rekreasjonsområda våre.

For Leitet vil dette gje ein svært negativ effekt då ikkje berre Torlidfossen og elva generelt vert turrлагd, men også at så store områder av det poulære Kletta platået vert berørt av utbygginga. Dammen og røyrtraseen frå Klettegrov til sammenkobling med røyrtrasé frå hovedelva, vil bli eit svært skjemmande element som vil forringa verdien av området betydeleg. Ein må forventa at det i området vert ein heil del sprenging, noko som vil forsterka den negative situasjonen ytterlegare. Eg vil påstå at profitten i desse to prosjekta er det viktigaste for utbyggjar. Miljøet er det teke lite omsyn til, jamnfør at alle fossane og lange elvestrekningar vert berørt.

Kommentar til punkt 2.2. Tekniske planer for kraftverkene.

Hydrologi og tilsig.

I følge raporten er målingane for målepunkt 74.18 Fornabu ein noko kort måleserie, med ein del hol i dataene. I føge den som er ansvarleg for målepunktet i NVE, er dette for så vidt korrekt, men han seier og at målingane har sine kvalitetar og frå ca 1990 og fram til i dag er dei svært nøyaktige.

Vi meiner at det er viktig å ta nok hensyn til også desse målingane for å få eit mest mulig realistisk bilde av situasjonen, då det er desse målingane som ligg nærast til utbyggingsområdet. Vidare meiner vi at det bør gjerast ytterligare målingar i Vassdraget før løyve til utbygging vert gitt. Dette for å sikra at ei utbygginga er realistisk gjennomførbar. At det i vassdraget ikkje var mulig å finna eit godt målepunkt virkar noko søkt.

Inntak og dammar, røyrgater, kraftstasjonar og vegbygging.

Generelle kommentarar til desse punkta.

Det er med stor undring eg konstaterar kor liten vekt utbyggjarane har lagt på temaet anleggsarbeid, i forhold til bumiljøet, natur og rekreasjonsområdet vårt. Det er heller ikkje utarbeidd eit internkontroll system så vidt eg kan sjå. Dette er viktig for å sikra at prosessen

føregår på ein ryddig og forsvarleg måte. I ein periode frå eit til to år vil trafikkmønsteret i Seimdalen endra seg radikalt. Fylkesveg 303 som går frå Årdalstangen til Seimsdalen er allerede i dag ein belasta vegstrekning. Vi kan nevna som eit døme Seimsdalstunnelen, som er ein flaskehals i forhold til godstransport. Her må større kjøretøy kjøyra sentrisk, med påfølgande stengning som alternativ, eller dei må lasta om til mindre kjøretøy. Slik eg ser føre meg situasjonen blir det ein formidabel økning i denne type trafikk, noko som ganske sikkert vil bli ein stor belastning for Seimsdølene, då dei ferdast mykje både til fots og på sykkel til og frå Årdalstangen. La oss berre sjå på kva transport av betongen til demningane vil ha slag verknad for trafikkbildet.

For inntaksdammane Leitet og Øyni er det rekna med eit forbruk av betong på ca 600 kubikkmeter. For inntaket ved klettegrovvi er det ikkje nemt noko forbruk, men la oss sei ca 200 kubikkmeter. Til saman vert dette 800 kubikkmeter og vil med eit snitt på 6 kubikkmeter pr lass, utgjera ca 133 turar. Tur retur vil det då utgjera ca 266 turar. Tenkjer vi oss då at det skal inn mykje anleggsutstyr, røyr, omfyllingsmassar, bærelagsmassar og anna materialar, kan vi berre forestilla oss kva mengde transport vi her snakkar om.

Når det gjeld dammane vert dette faktisk eit betydeleg fremmandelement i vassdraget, med vannspeglar på inntil 2000 kvadratmeter. Dette er som sagt eit fremmed element og vil neppe bli noko positivt innslag i vassdraget.

For Klettegrovvi vert det og i tillegg ein ledemur som vil ytterlig vera ein forringande faktor. Det er føreslege ingen minstevannføring på nokon av dei berørte strekningane. Dette er forståeleg sett med utbyggjar sine auge, då eit pålegg om dette vil auka antall dagar driftsstans og dermed få konsekvensar for inntjeninga.

Eit vedtak utan minstevannsføring vil få store konsekvensar for det biologiske mangfaldet på dei berørte elvstrekningane. Det verkar som utbyggjar set sin lit til tilsig og sidebekkar for å kompensera for den utelatte minstevannsføring. Dette meiner vi er svært urealistisk. Situasjonen i Seimsdalen er spesiell. I influensområdet er det svært få heilårsbekkar. Dei fleste turkar ut tidleg på sommaren, og vil dermed ikkje gje noko bidrag til vannføringa i elva.

Kommentarer til punkt 3 Virkningar for miljø, naturressursar og samfunn.

Kommentar til punkt 3.1 Hydrologiske virkningar av utbyggingen.

Det er ikkje pårekna slipping av minstevannføring for nokon av anlegga. Dette betyr at produksjonen er satt i fokus, mens miljøet kjem i andre rekke. Dersom utbyggjar får konsesjon, reknar eg med at NVE vil setta krav til minstevannføring.

Når ein ser på antall driftstimar som anlegga er berekna til å gå (tabell på side 7), vil eg tru at eit pålegg om minstevannføring vil ytterligare redusera antallet driftstimar. Ser vi på Leitet kraftverk så er det stipulert til å gå ca 3250 timar som utgjer ca 136 døgn produksjon, mens for Øyni er det beregna ca 3000 driftstimar som utgjer ca 125 døgn produksjon ved full effekt. Når ein ser på dei store naturinngrepa i forhold til forventa inntjening/produksjonsdøgn, kan ein lura på om dette i verklegheta er lønnsamt. For Leitet kraftverk er og utbyggingskostnaden særers høg 3,3 kr/kWh, mens det for småkraftverk er sagt at det går ei grense for lønnsemd på ca 2,75 kr/kWh.

Beregningsforutsetningar.

Vannføringsforhold.

Kommentaren min på dette punktet gjeder tabellen på side 27 som omhandlar vekesdata. Ser vi på januar månad går den frå veke 1 til og med veke 5. For februar går dataene frå veke 5 til og med veke 9. For mars går beregningsgrunnlaget frå veke 9 til og med veke 13. Spørsmålet er no om veke 5 og 9 blir brukt 2 gonger, og dersom dette er tilfelle blir då beregningane rette?

Kommentar til punkt 3.3 Grunnvatn, flaum og erosjon.

Har vore i kontakt med Jan Cramer ved NGU i Trondheim angående problemstillingen grunnvatn kontra kraftutbygginga. Dei har no sett igjennom rapporten og er komen med ein konklusjon. Dei konkluderar med at utbyggjinga vil kunna gje redusert kapasitet i brønnane som følgje av redusert vannføring. (sjå vedlegg 6). I databasen GRANADA er det kune registrert ein fjellbrønn i det berørte området. I influensområdet er det i tillegg bort minst 4 brønnar til som ikkje er registrert i denne databasen. Eg har snakka med fleire av dei som eig brønnane, og dei er svært bekymra for kva dette vil ha å seia.

Kommentar til punkt 3.4 Biologisk mangfald og verneinteresseer.

Har tidlegare kommentert tilsvarande punkt frå miljørapporten.

Andre kommentarar.

Har vært i kontakt med Statnett angående overføringskapasiteten frå Årdal. I følgje dei er det tidvis problem med kapasiteten. Denne situasjonen vil kanskje bli enda verre når Hydro legg ned søderberg ovnane. Det vil då mest sansynleg verta mykje overskuddskraft, og med eit overføringsnett som tidvis i dag har problem vil vel denne situasjonen forsterka seg. I tillegg har Hydro nett gjort ein modernisering av Tyin kraftverk med ein økning i kraftproduksjonen på bort i mot det dobbte.

Dersom dette er ein faktisk situasjon vil vel ikkje bygging av kraftverka i Seimsdalen vera nokon positiv faktor for overføringssituasjonen.

Hovudkonklusjon frå aksjonsgruppa mot kraftutbygging i Seimsdalen på Seimsdalskraft sine planar for bygging av dei to separate kraftverka, Leitet og Øyni.

Aksjonsgruppa er sterkt i mot planane for kraftutbygging i Seimsdalen. Gruppa består av to som har engasjert seg i saka i tillegg til 820 som har skreve seg på ei liste til støtte for saka.

Målsettinga vår er i utgangspunktet å unngå utbygging, men og vera opne for konstruktive løysingar. Årdal er ein kommune som i mangelen ti år har vore utsatt for store kraftutbyggingar med til dels store naturinngrep. I dag har vi berre at tre vassdrag som ikkje er utbygd. Desse er Nundalen, Seimsdalen og Offerdalane.

Det er i dag gang arbeid med å få bygd ut alle desse. Ordet Årdal tyder elvedal. Det ville vore både trist og flaut om vi no skulle leggja dei siste elvane våre i røyrl.

Med bakgrunn i dette har aksjonsgruppa sendt brev til Årdal kommune der vi ber dei om å ta til etterretning regjeringas intensjonar i Soria Moria erklæringen, om å stansa raseringa av det biologiske mangfald innan 2010. (sjå vedlegg 5).

Aksjonsgruppa ser på denne utbygginga som svært kontroversiell, med store negative verknader for natur og rekreasjonsområda våre. I mangelen slike saker rettferdiggjær utbyggjar at dette er kjærkomen inntekt til gardane. Dette argumentet kan ein ikkje nytta i dette tilfellet. Av i alt 17 grunneigarar er det i dag kun nokre få (ein til to), som kan seiast å ha levebrødet sitt av gardsdrift. Det kan synast som om dette er eit prosjekt med hovedmålsetting profitl.

Eit anna viktig moment i saka er at utbyggingsområdet ligg ikkje meir enn ca 20 km frå Jotunheimen landskapsverneområde/nasjonalpark. Etter vår meining kan utbygginga komme til å gripa inn i interessante verneområder i framtida (Kletta).

Med bakgrunn i regjeringa sine føringar i Soria Moria erklæringen, om å stansa raseringa av det biologiske mangfaldet innan 2010, vil aksjonsgruppa gå i mot at det vert gitt tillatelse til utbygging av det fremste alternativet Leitet kraftverk. For Øyni føresler vi at alternativ 2 vert valgt

med inntak Helvetesfossen. Her må det vedtakast minstevannsføring. Dette ser vi på som den mest miljømessige utbygginga, dersom vi ikkje greier å unngå utbygginga fullstendig."

Sogn og Fjordane Turlag sier i sin uttalelse av 8.1.2007:

"Seimsdalen er eitt av dei viktigaste friluftsområda i Årdal kommune, og hovudfriluftsområdet for dei mange som bur i Seimsdalen (600 – 700?) og for dei mykje over 1000 som bur på Årdalstangen. Også folk frå Øvre Årdal brukar området ganske mykje, særleg i berrmarksesongen.

Stort sett heile Seimsdalen er i aktiv bruk i eit svært variert friluftsliv. Dei som bur i Seimsdalen kan gå rett frå der dei bur og bort i elva eller ned til sjøen for å bade eller fiske, og dei kan gå på turar i nærområdet. Dei som vil gå litt lenger turar, kan enten gå oppover dalen, eller dei kan køyre opp til ein av parkeringsplassane. Ein av dei ligg eit kort stykke nedanfor det planlagde inntaket til Øyni kraftverk, og er open heile året. Den andre av dei viktigaste parkeringsplassane ligg ved enden av vegen, eit stykke nedanfor det planlagde inntaket til Leitet kraftverk. Vegen opp til den er vinterstengd.

Dalen oppover er svært godt eigna, og mykje brukt både til korte og lange turar, til fots og på ski, på veg og på mykje og mindre brukte stiar/løyper. Oppover dalen er det også mange gode område for bær- og sopplukking. Dalen er dessutan kjend for det uvanleg rike fuglelivet, og for "fuglekikkarar" er den eit eldorado!

Nokre turruter merka av på Turkart Årdal:

- *Frå Leitet (ved den planlagde kraftstasjonen) og oppover langs Klettegrovi til Kletta.*
- *Frå Kletta og vestover til Slettedalen, og så sørover Indre Offerdalen til vegen.*
- *Frå Kletta og nordover til Feninga.*
- *Frå Feninga vidare i austleg retning enten til Nondalen og med båt vidare til Øvre Årdal/Årdalstangen (populær tur) eller til vegen i Fardalen.*
- *Frå parkeringsplassen ved enden av vegen og sørover til Kletta eller nordover til Feninga.*
- *Frå vegen (Sjursetesvingen) ved Strupane og enten til Byttejuvet (og attende), eller over det eller Skaret til Lindviki ved Årdalsvatnet og vidare til Årdalstangen.*
- *Frå Strupane og rundt fjellet Horgi til parkeringsplassen ved enden av vegen.*
- *Frå Strupane enten til Nondalen (og båt vidare) eller til vegen i Fardalen.*

Byttejuvet er kjent som eit særleg fint turmål med fantastisk utsikt, og brukt av folk frå både heile kommunen og frå andre stadar i landet. Dei mange stølane i området er også viktige og svært populære turmål.

Leitet kraftverk er i større eller mindre grad i konflikt med alle desse turrutene. Konflikten er stor for rutene som startar på Leitet og ved enden av vegen, og mindre stor for dei som startar frå vegen ved Strupane. For dei som går på vegen, er konflikten stor bortsett frå på strekninga mellom inntaket til Øyni og utløpet frå Leitet kraftstasjonar.

Kor viktig Seimsdalen er for friluftslivet i Årdal, kan ein få eit inntrykk av gjennom å lese i boka "OPPTUR 267 fotturar i Sogn og Fjordane". Av dei 13 turane som er utvalde frå Årdal kommune, har 3 stk., rute 02-10, 02-11 og 02-12, utgangspunktet sitt i den øvre delen av Seimsdalen. Alle er meir og mindre i konflikt med Leitet kraftverk. Dei 3 turane er omtala på side 96 – 101 i turboka.

Spesielt for dei som bur i Seimsdalen, men og for dei som bur på Årdalstangen, er det eit eineståande fint bidrag til eit godt bumiljø å ha så fine og varierte friluftsområde lett tilgjengeleg. Områda blir då også mykje brukte, både av "folk flest" i alle aldrar, av barnehagar, av skular, av Årdal Turlag inkl. Barnas Turlag og andre. Sjølv om ikkje alle som bur der tenkjer over det i det daglege: Det er viktig å ta vare på slike fine, letttilgjengelege friluftsområde! NB! Heile Leitet kraftverk (frå inntak til kraftstasjon) og noko av den øvste delen av influensområdet for Øyni kraftverk ligg innanfor FRIDA-område.

Generelle kommentarar til konsesjonssøknaden:

Av punkt 1.1 Om søkerne på side 2, går det fram at Årdal Energi, som er heileigd av Årdal kommune, har 34 % av aksjane i Seimsdal Kraft AS. Trass i dette, skal Årdal kommune, når dei vurderer konsesjonssøknaden opptre som nøytralt forvaltningsorgan, og ikkje som eigar av Årdal Energi/34 %-eigar i Seimsdalen Kraft AS. Det er interessene til dei til saman anslagsvis 2.000 innbyggjarane i Seimsdalen (spesielt) og på Årdalstangen som skal ha høgste prioritet i kommunen sine vurderingar, ikkje kommunen sine eigarinteresser. Kommunen har altså 2 "hattar" når dei skal handsame denne saka, og det er krevjande, for dei som for dei aller fleste andre kommunar, i slike saker. Vi ber NVE vurdere kor godt kommunen greier å skilje dei 2 "hattane" i si fråsegn om saka.

Av utbyggingane vurderer vi Leitet kraftverk som svært konfliktfylt både i høve til friluftsliv, landskap, dyreliv, ikkje minst fugl, og på andre måtar, inkl. kulturminne. Øyni kraftverk, som har store bustadområde i nærleiken, og Sjukeheimen og fleire bustadhus like ved kraftstasjonen, oppfattar vi også som konfliktfylt. Dette gjeld mellom anna både bumiljø, nærfriluftsliv, landskap, fisk og anna dyreliv. Det er svært krevjande viss ein skal bygge ut i slike område, og utbyggarane må ta mykje større miljøomsyn enn det ein må ta i samband med mindre kontroversielle utbyggingar.

Kommentarar til utbygginga – Leitet kraftverk:

Slukevna for kraftstasjonen varierer mellom 16 % og 155 % av gjennomsnittsvassføringa, og det skal ikkje sleppast minstevassføring. Dessutan er det 2 inntak. Dette gir i sum ei hard utbygging, hardare enn det som er vanleg for småkraftverk i dag. Med ein utbyggingspris på kr. 3,33 er dette også den suverent dyraste småkraftutbygginga av dei mange vi har hatt til vurdering dei siste åra. Til samanlikning kan vi nemne at Småkraft AS under ei synfaring i oktober 2006 opplyste at dei opererer med ei lønsemdgrense på kr. 2,75.

Hydrologi og tilsig: Av tabellen øvst på side 12, delfeltnummer 1 og 2, reknar vi ut at hovudelva har 87 % av nedslagsfeltet og 86,3 % av vassføringa til Leitet kraftverk, medan Klettegrovi har høvevis 13 % og 13,7 %. Klettegrovi betyr altså lite for den samla kraftproduksjonen i Leitet kraftverk. Dette inntrykket vert forsterka ytterlegare når ein ser på konsekvensane av utbygginga. Tabellen nedst på side 27 viser at kraftverket greier å nyttiggjere seg av 55,2 % av vatnet i hovudelva, medan tabellen øvst på side 29, viser at for Klettegrovi greier kraftverket berre å nyttiggjere seg av 32,9 % av vatnet (heile 67,1 % renn over dammen)! 32,9 % utnytting er oppsiktsvekkande lite, og betyr at av det vatnet som reelt vert brukt til kraftproduksjon, så er hovudelva sitt bidrag 91,3 %, medan Klettegrovi sitt bidrag berre er ca. 8,7 %!

Inngrepa som følgje av inntaket av Klettegrovi er store. Vi kjem attende til det seinare i fråsegna. Det er ikkje noko som helst rimeleg forhold mellom storleiken på inngrepa som følgje av inntaket av Klettegrovi og det gjennomsnittlege bidraget til kraftproduksjonen på berre ca. 8,7 %. Uansett kva NVE måtte meine om bygging av Leitet kraftverk, ber vi om at inntak av Klettegrovi vert

fjerne frå prosjektet! Det finst ikkje eit godt nok fornuftig grunnlag for å ta det med, etter vårt syn. Ulempene er mykje større enn fordelane!

Inntak og dammer: *Inntaket av Klettegrov i fører til meir omfattande inngrep enn det som er vanleg for slike inntak. I tillegg til sjølve inntaksdammen skal det byggast ein ledemur i eit sideløp, og det skal gravast/sprengast ein 50 m lang kanal for å føre vatnet over i det andre elveløpet der dammen er. Alle desse inngrepa vert så vidt vi kan bedømme ut frå fotomaterialet som følgjer konsesjonssøknaden, svært godt synlege frå stølsområdet på Kletta, frå nokre av turrutene, og (i noko mindre grad) frå delar av tur- og bilvegen oppover dalen. Dette er med på å forsterke vårt syn på at inntak av Klettegrov er fullstendig uakseptabelt!*

Inntaksdammen for hovudelva er plassert berre eit kort stykke ovanfor den fine Torlifossen der den sjeldne Huldrebekkemosen veks (sjå miljørapporten). Fossen vil verte tørrlagd store delar av året, og det kjem i tillegg veg på begge(?) sider av fossen, og røyrgate på vestsida. Dammen kjem også, slik vi forstår det, i direkte konflikt med kulturminnet Den gamle ferdselsvegen frå Årdalstangen til Kletta. Dammen vil øydelegge restane etter den gamle brua som er del av dette kulturminnet. Veg og røyrgate vil også øydelegge delar av ferdselsvegen, reknar vi med. Torlifossen er ein viktig del av landskapet både for dei som skal gå frå vegen/parkeringsplassen til Kletta, og for dei som skal gå innover dalen i retning Feninga.

Etter vårt syn er summen av dei negative konsekvensane av damplasseringa altfor store til å kunne forsvare nokre få høgdemeter fall. Viss Leitet kraftverk skulle bli bygd, ber vi derfor om at inntaksdammen vert flytta til nedsida av Torlifossen, og så langt nedanfor at fossen ikkje i altfor sterk grad vert visuelt forstyrre av inntaksdam og lukehus. Lukehuset må gjerst minst mogeleg, og inntaksdammen forblendast med naturstein, eller det må støypast naturstein inn i betongen, slik at det heile vert lite synleg/dominerande i landskapet. Flytting av dammen og bortfall av inntaket av Klettegrov, vil redusere bortfallet av INON. Det vert i så fall positivt.

Som grunngeving for at det ikkje skal sleppast minstevassføring forbi nokon av inntaka, er det brukt følgjande argument: "Da er det tatt med i vurderingen at det nedstrøms inntakene vil være tilsig fra sidebekker og øvrig nedbørfelt." Vi har sett på dette. Når det gjeld Klettegrov er det på kartet ikkje merke av ein einaste sidebekk. Dette indikerer for oss at når det ikkje er overløp over dammen, og når det er tørt vær og dermed mest attraktiv for friluftsliv, så vil Klettegrov høgst sannsynleg vere fullstendig tørr heilt ned til samløpet med hovudelva. Ved regnvær vil det truleg renne vatn noko i elva. For hovudelva må ein om lag halvvegs ned til kraftstasjonen før den første sideelva er merke av på kartet. Den kjem frå Strupene og Skor.

Nedanfor kjem det inn 2 sideelvar til. I tørrvær, og når det ikkje er overløp over dammen, kjem hovudelva til å vere fullstendig tørr (eller i alle fall sjå slik ut) heilt ned til samløpet med den første sideelva. I tørrvær og etter at snøsmeltinga er slutt, vil vassføringa i dei 3 små sideelvane truleg vere liten, nesten ubetydeleg. (Opplyst under synfaringa vår.) I elvebotnen ser det ut til å vere mykje ganske stor stein oppstrøms kraftstasjonen. (Konstatert under synfaringa og stadfesta av foto.) Resultat: Sjølv like oppstrøms kraftstasjonen, vil restvassføringa i tørrvær truleg vere så liten av vatnet vil forsvinne mellom steinane, slik at elva vil sjå nesten, eller truleg heilt, tørr ut. I litt kraftig regnvær vil det framleis renne synleg vatn i elva, også om det ikkje regner så mykje at det er overløp over dammen. Konsekvensane for mellom anna det svært rike fuglelivet i området, vil verte sterkt negative som følgje av lange periodar med tørrlegging av elva i normalår og i tørre år. Sjå Miljørapporten, og jamfør vedlegg 3.1 og 3.3.

Konklusjon: *Utbyggaren sine argument for at det ikkje skal sleppast minstevassføring, held ikkje vatn. Dei held i alle fall "altfor lite vatn", og styrkar ytterlegare våre allereie sterke argument for at inntak av Klettegrov må takast ut av prosjektet. Av omsyn både til landskap og til det rike*

fuglelivet må det sleppast ei skikkeleg minstevassføring i hovudelva i perioden 1.5 – 30.9. Og då snakkar vi ikkje om slepping av "Alminnelig lavvannføring", 19 liter i sekundet, då snakkar vi om minst 25 % av gjennomsnittsvassføringa, eller 220 liter i sekundet, helst meir, slik at det vert ein viss grad av "liv" i elva både visuelt og av omsyn til det rike dyrelivet.

Rørgater: Etter konsesjonssøknaden skal det fine stølsmiljøet på Kletta verte "omramma" av rørgater, som rett nok skal gravast ned slik at traseane etter nokre år vert mindre synlege. Men i det opne, relativt høgtliggande terrenget vil dette ta lang tid. Inngrepa i dette området er uheldige, og den negative verknaden kan verte forsterka av at ei verdfull myr kan verte drenert på ein uheldig måte.

Viss inntaket av Klettegrov i vert sløyfa, kan rørgata frå hovudelva til kraftstasjonen leggjast på ein heilt annan, og høgst sannsynleg betre måte miljømessig. Då kan ein i staden for å legge rørgata utover ryggen mot Kletta, og så sende den i stupbratt fall ned mot kraftstasjonen, legge den i relativt jamnt fall på skrå nedover lia mellom stølryggen og elva. På denne strekninga vil rørgata kunne gravast ned. Av kartet ser det ut som det går nokolunde greitt å legge rørgata langs ein slik trase, men synfaringa vår seint i haust var ikkje god nok til å kunne seie noko sikkert om dette, så vi skal ikkje vere "bastante". Det er mogleg at plasseringa av kraftstasjonen bør endrast litt for å tilpasse den til ein eventuell slik ny trase.

Ein stor fordel med ein slik trase, er at ein vil unngå den svært skjemmande rørgata i dagen nedover den stupbratte fjellryggen sør for Kletta. Under Vegbygging Leitet, på side 18, går det fram at det er aktuelt å bygge ei permanent trallebane langs røyrtraseen, fordi det er for bratt til å bygge anleggsveg. Med denne trallebana ved sida av rørgata i dagen, vil traseen verte enda meir synleg, sjølv på så lang avstand som frå riksvegen på motsett side av fjorden. Og frå tur og bilvegen oppover dalen vil den verte svært godt synleg. Dominerande trur vi faktisk det er grunnlag for å seie. For å halde trallebana open for framtidig bruk, kan ein ikkje tillate at traseen gror igjen med tre heller, noko som etter mange år kunne ha skjult noko av inngrepa.

Trallebane og rørgate i dagen vil vere negativt for dyrelivet, mellom anna hjort, på permanent basis. Dette er det ikkje teke omsyn til i Miljørapporten. Ein anna fordel med traseen vi skisserer, er at den gjer det enklare å flytte inntaket til nedanfor Torlifossen, med dei store og ulike miljøfordelane dette har. Viss rørgata skal gå ut over ryggen mot/forbi Kletta, kan det vere vanskeleg å flytte inntaket til nedsida av fossen.

Kraftstasjonen: Det må leggjast stor vekt på lydisolering av kraftstasjonen. Naturopplevinga for dei som går på tur, vert kraftig redusert viss ein opplever kraftstasjonstur/-hyling i eit slikt område der ein vanlegvis ventar at det berre skal vere naturen sine lydar ein høyrer.

Vegbygging: Ny veg og bru fram til kraftstasjonen oppfattar vi ikkje som særleg kontroversiell. Veg på truleg begge sider av Torlifossen, oppfattar vi som kontroversiell og lite ønskjeleg, likeins veg til Klettestølen. Veg heilt fram til stølar veit vi det er ulike meiningar om. Frå ein annan del av fylket kjenner vi til 2 tilfelle der usemja mellom ulike stølseigarar om kor langt vegen skulle gå, vart så stor at det førte til rettssaker. Nokre stølseigarar ville ha det "lettvis", medan andre meinte det ville verte øydeleggjande for stølsmiljøet viss ein skulle få veg heilt fram til, og parkerte bilar mellom stølshusa. Vårt syn er at for miljøet på Kletta, går den eksisterande vegen langt nok. Det er lettvis nok å kome fram til stølen, den korte fotturen frå parkeringsplassen til stølen markerer på ein god måte skiljet mellom "det urbane" og "fristaden" oppe i fjellet - og stølsmiljøet vert i liten grad påverka av vegen. Trallebana oppfattar vi som svært negativ, spesielt fordi den vert så godt synleg, sjå ovanfor.

Tilknytning til linjenettet: Dette ser fornuftig ut, sett frå vårt synspunkt.

Arealbruk, eiendomsforhold og offentlige planer: Tabell arealbruk Leitet: Rørtrasé knutepunkt - kraftstasjonsområdet (350 meter) inklusive trallebane, vert heilt eller delvis permanent. Offentlege planar: Utbygginga er vel ikkje i konflikt med vanlege offentlege planar, men den er i konflikt med DN sin Naturdatabase, og med Fylkesmannens FRIDA- og EDNA-register.

Kommentarar til VIRKNING FOR MILJØ, NATURRESSURSER OG SAMFUNN – Leitet kraftverk:

Hydrologiske virkningar av utbyggingen: Viss ein skal unngå hydrologiske verknader på elvestrekninga mellom samløpet med Klettegrovi og inntaket til Øyni kraftverk, må Leitet kraftstasjon ha omløpsventil og elles drivast på ein god måte. Viss ikkje, kan dei hydrologiske verknadane av brå stopp i kraftstasjonen kunne verte øydeleggende for fisk.

Vannføringsforhold: Konesjonssøknaden inneheld omfattande tabellar om vassføringane før og etter utbygginga. Ettersom vi ikkje kjenner grunnlagsmaterialet, er det vanskeleg for oss å kontrollere/kommentere dette, og vi ber NVE kontrollere om opplysingane er korrekte.

Det vi kan konstatere, er at for inntaket i hovudelva vert det overløp over dammen i gjennomsnittleg 64 dagar pr. år, og kraftstasjonen vil stå stille slik at det blir eit lite overløp i gjennomsnittleg 162 dagar pr. år. Det betyr at elva vil vere fullstendig tørr nedanfor inntaket i gjennomsnittleg 139 dagar pr. år. For Klettegrovi er desse tala høvevis 73, 162 og 130. Når vi held desse tala saman med kurvane i Vedlegg 3.1 og 3.3, får vi eit godt inntrykk av kva som skjer og kva verknader dette vil få for landskap og friluftsliv – og til ei viss grad for dyrelivet inkl. fisk.

Vedlegg 3.1 for eit "Middels" år i Hovudelva viser at perioden då det er overløp over dammen fordi vassføringa er så liten at kraftstasjonen står stille, i all hovudsak er om vinteren og utover våren. I den perioden er elva vanlegvis islagd og snødekt, og at det er vassføring har lite å seie for landskap og friluftsliv. Det er positivt for eventuelt liv i elva.

I perioden ca. 23.5 – 7.7 (det vil sjølvsagt variere mykje frå år til år), er det kraftig overløp i samband med snøsmelting. Det er sjølvsagt positivt for landskap, friluftsliv og dyreliv. Overløp elles i året vil ein i all hovudsak berre ha si samband med kraftig regnvær, eventuelt kombinert med snøsmelting om hausten. For dei fleste er dette periodar som er lite attraktive for friluftsliv. Frå om lag starten på fellesferien, resten av sommaren, og utover hausten, vil elva vere tørr bortsett frå i kraftig regnvær (og eventuelt haustsnøsmelting). Dette betyr at dei periodane då elva er tørr, i stor grad fell saman med dei periodane som er mest attraktive for landskapsoppleving, ferie og friluftsliv. Desse periodane er og viktige for dyrelivet. Fisk vil ikkje kunne overleve anna enn i større kulpar. Fugl og andre dyr som lever i eller i tilknytning til elva på ein eller annan måte, vil få store problem fordi tørrleggingane vert så langvarige.

For Klettegrovi vert konsekvensane likearta, men litt mindre negative, sjå Vedlegg 3.3.

Biologisk mangfold og verneinteresser: Miljørappporten har ei god omtale av dette temaet samanlikna med det vi har sett i ein del andre småkraftsøknader, og vi viser i all hovudsak til den. Av "Prosjektbeskrivelse" på side 3 i miljørappporten går det fram at den/dei som har utarbeidd rapporten, ikkje har hatt kjennskap til den planlagde trallebana. Det er og usikkert om dei har hatt kjennskap til at det er så mykje som 350 m av røyrleidningen som er planlagt å legge i dagen, på betongklossar. Dette kan ha påverka nokre delar/konklusjonar i rapporten.

Det aktuelle området er eit "generelt godt vilthabitat" og det er mykje brukt av hjort. Det er heilt klårt at så pass store permanente inngrep vil vere ganske sterkt negative. Vi vil og understreke at både røyrгатetraseen og elva, som i normale somrar vil verte stort sett tørrlagd etter at snøsmeltinga er slutt, er svært viktige for mange ulike fugleartar, nokre av dei høgst sannsynleg raudlista, som falk, hubro, kvitryggspett og gulerle. Opplysningane vi har fått, og som i stor grad vert stadfesta av rapporten, er at Seimsdalen har eit heilt uvanleg rikt fugleliv!

Landskap: Den negative verknaden av den 350 m lange strekninga med røyrgate i dagen og trallebane ved sida av, er neppe teken (nok) omsyn til i miljørapporten.

Kulturminner: Ein del viktige opplysningar manglar i konsesjonssøknaden: Vi har fått opplyst at det er funne fornminne, som kokegroper, som indikerer at det har vore fast busetting i Klettaområdet. Dette kan vere heilårsbusetting, eller "fast" busetting i delar av året, til dømes i samband med jakt. Funn av bautastein og gravrøys, indikerer vel heilårsbusetting. I sum indikerer dette at det i området er stort potensiale for ytterlegare funn av automatisk freda kulturminne. Vi håpar andre høyringsinstansar, som har meir kunnskapar enn oss, skriv meir om desse funna. Det er avgjort trong for nærare undersøkingar.

Av nyare tids kulturminne, er den gamle ferdseisvegen mellom Årdalstangen og Kletta, nemnd i miljørapporten. Utbygginga øydelegg delar av dette kulturminnet! Vi vil og nemne den nedlagde gruvedrifta i Gruvefjellet, lengst nord i Seimsdalen. Vi går ut frå at det i Seimsdalen er kulturminne som har tilknytning til denne gruvedrifta, men har ikkje kjennskap til funn.

Brukerinteresser: Når det gjeld friluftsliv, er vi sterkt ueinige i miljørapporten si verdivurdering, Middels verdi. Vi vil faktisk hevde at området har Svært stor verdi for dei som bur i Seimsdalen, og Stor verdi for folk elles i kommunen. Det er få stadar som har så fine, varierte og lett tilgjengelege friluftsområde som det ein har oppover i Seimsdalen! Område som er godt eigna for alle aldersgrupper. Vi vil og hevde at i berrmarksesongen vil utbygginga ha Stor negativ konsekvens for friluftsliv. Dette gjeld både landskaps- og naturoppleving, lyd/mangel på lyd, oppleving av fugleliv. Om vinteren derimot, viss vassføringa er så lita at kraftstasjonen står, vil dei negative konsekvensane vere mykje mindre, og mest knytte til røyrgata og trallebana i dagen.

Samandrag av Turlaget sitt syn på bygging av Leitet kraftverk: Slik utbygginga er konsesjonssøkt, er vi så sterkt mot utbygginga at vi vil karakterisere den som heilt uakseptabel. Utbygginga er dessutan svært dyr, og dermed truleg ulønsam. Vi finn derfor ikkje at fordelane med utbygginga er større enn ulempene, og ber NVE avslå konsesjonssøknaden!

Ved omfattande endringar i utbyggingsplanane, med

- Sløyfing av inntak av Klettegrov.
- Flytting av inntaket til godt nedanfor Torlifossen, nesten ned til enden av vegen.
- Legging av røyrgata i mykje jamnare fall nedover i lia mellom Kletta og elva.
- Nedgraving av heile røyrgata.
- Slepping av ei skikkeleg minstevassføring om sommaren, minst 25 % av gjennomsnittsvassføringa, eller 220 l/sek. (Av omsyn til landskap, fugl, fisk og anna dyreliv.)

vil dei miljømessige ulempene med utbygginga verte så mykje reduserte at utbygginga kanskje vert akseptabel, og det rike fuglelivet i området kan kanskje oppretthaldast om lag som før.

Men vert då utbygginga lønsam? Vi meiner at planane om bygging av Leitet kraftverk bør skrinleggast, og at utbyggaren bør konsentrere seg om å få til ei miljømessig god utbygging av Øyni kraftverk. Det er også ei utfordring!

Kommentarar til utbygginga – Øyni kraftverk: Slukevna for kraftstasjonen varierer mellom 20 % og 196 % av gjennomsnittsvassføringa, og det skal ikkje sleppast minstevassføring. Dette vil vi karakterisere som "knallhardt".

Utbyggingsprisen på kr. 2,48 har vi ikkje merknader til.

Inntak og dammer: Inntaksdammen er tenkt plassert på ca kote 320. Dette er eit kort stykke ovanfor parkeringsplassen (ved bommen) som folk som skal på tur brukar. Det første som møter dei som skal på tur når dei parkerer her, er altså ei tørrlagd elv (når det ikkje er overløp) med ein betongdam like ovanfor. Vi synest dette er uheldig, og synest at dammen bør flyttast litt lenger ned i elva, til nedstrøms parkeringsplassen, ca. på kote 300. Nøyaktig plassering må sjølvstendig vurderast, og det må takast omsyn til hus og hytter. Vi ber NVE sjå på dette.

Sjølve damkonstruksjonen ber vi om vert gjort til noko meir miljøvenleg enn berre ein heilt grå betongvegg som vil skilje seg sterkt ut frå landskapet rundt. I Årdal kommune er det vel mange nok slike frå før? Dammen kan forblendast med naturstein, eller det kan støypast stein inn i betongen, også på toppen. Damtoppen treng heller ikkje vere fullstendig flat, slik det er vanleg. Ut mot sidene kan den til dømes skråne oppover, og ha naturstein på toppen, slik at den der får ei meir uregelmessig form. Dette kan vere ei lita estetisk utfordring til dei som skal planlegge dammen.

Det ikkje skal sleppast minstevassføring forbi inntaket, fordi: "Da er det tatt med i vurderingen at det nedstrøms inntakene vil være tilsig fra sidebekker og øvrig nedbørfelt." Vår vurdering er at denne argumentasjonen ikkje er god nok. Trongen for minstevassføring er størst om sommaren. Ein treng minstevassføring for til ei viss grad å halde oppe elva som landskaps- og lydelement, for å ta vare på livet i og i tilknytning til elva også når det ikkje er overløp som følgje av snøsmelting. Dette gjeld omsynet til både insekt og fisk, og fuglar og andre dyr som på ein eller annan måte er knytte til/avhengige av elva. Totalt sett handlar dette om kvaliteten på miljøet til dei som bur eller har hytter i denne nedre delen av Seimsdalen, som er tett befolka.

Den nedre delen av elva er så viktig, mellom anna for fisk, at her må det vere minstevassføring heile året, men mindre om vinteren, sjølvstendig. Sideelvane som kjem inn, betyr nok litt, men er for små til å bety nok til å "få nok liv i elva". Den sideelva som ser ut til å vere den største, Halsagrovi, kjem dessutan inn nokså langt nede, nesten halvvegs nede mot kraftstasjonen.

Om sommaren bør minstevassføringa vere så stor, at den verkeleg betyr noko. Vårt framlegger ei minstevassføring på 20-25 % av gjennomsnittsvassføringa, anslagsvis 300 l/sek. Om vinteren kan den vere ca. "alminnelig lavvannføring", 50 l/sek. Det kan også vere aktuelt med ei 3-trinns minstevassføring, med størst vassføring i juni, juli og august. NVE vurderer dette.

Rørgater: Etter vårt syn bør alle rørgater gravast ned, og vi synest det er uheldig med rørgate i dagen, sjølv om det blir på ei nokså kort strekning. Men rørgate i dagen er mykje verre for Leitet kraftverk enn for Øyni kraftverk. For Leitet, med rørgate og trallebane i dagen ute på tuppen av ein fjellrygg, vert den nærast maksimalt synleg. For Øyni vert ikkje dette på langt nær så ille. Eit spørsmål, som vi dessverre ikkje fekk tid til å sjå på under synfaringa vår, er om ein kan unngå rørgate i dagen viss inntaket vert trekt lenger ned, ca. til kote 300. Då vil ein kunne passere ura på ca. kote 295. Er det lettare å passere den der, utan å ha røyr i dagen? Ulempa er at ein kjem nærare ei hytte, og det må det takast omsyn til. Nord for Dalaker vert det også litt meir svingar på rørgata, men den kan leggjast flatare, og like langt aust for Dalaker som før. Svingar betyr neppe så mykje her oppe, der trykket i røyret er så lågt.

Kraftstasjonen: Plasseringa av kraftstasjonen nede "midt i busetnaden", er vrien, og det er svært mange omsyn å ta. Den konsesjonssøkte plasseringa, nær ved Aldersheimen og fleire bustadhus, gjer at det må stillast nærast ekstreme krav til lydisoleringa av kraftstasjonen. Her er det ikkje rom for å gjere feil/for dårleg jobb, sjølv om elvesusen frå utsleppet vil "kamuflere" litt av lyden frå sjølve kraftstasjonen.

Andre viktige moment å ta omsyn til, er landskaps- og lydopplevinga av elva. Her er ein trass alt midt inne i folk sitt bumiljø. Omsynet til sjøauren er også viktig. Finst det også laks? Og kva med

omsynet til dei lokale badeplassane og dei lokale fiskeplassane i elva. Born under 16 år fiskar gratis, og det skulle undre oss mykje om ikkje dei vil nytte sjansen i ei slik fin elv. For å ivareta desse siste momenta på ein god måte, bør ein sterkt vurdere å plassere kraftstasjonen på ein høveleg stad oppstrøms Hjelsengfossen. Då vil det også bli færre som kjem i lydsona for kraftstasjonen. (Men ille nok for dei som kjem der, sjølv sagt.)

I tillegg til å ta omsyn til lydproblematikken, må ein også sjå plasseringa av kraftstasjonen i samanheng med storleiken på minstevassføringa. Ved plassering av kraftstasjonen på den konsesjonssøkte staden, bør minstevassføringa vere enda større enn det vi har gjort framlegg om, for å ivareta omsynet til bu- og hyttemiljøet for dei som bur langs elva, og for å ta omsyn til fisken. Viss ein plasserer kraftstasjonen oppstrøms Hjelsengfossen, kan krava til minstevassføring reduserast, men ikkje for mykje. Ved ei slik plassering av kraftstasjonen, og med god lydisolering, vil bumiljøet for dei som bur nedstrøms Hjelsengfossen, og det er vel det store fleirtalet, bli stort sett som før, medan det truleg vil opplevast som dårlegare for dei (færre) som bur oppstrøms kraftstasjonen, og som får enda mindre restvassføring i elva.

Vi kan ikkje, og ønskjer ikkje, å kome med tilråding om kva som skal verte resultatet av desse avvegingane, men vi vil sterkt presisere, at viss kraftstasjonen vert plassert som konsesjonssøkt, så må minstevassføringa vere skikkeleg! Det same må lydisoleringa! Uansett plassering, må det vere omløpsventil i kraftstasjonen, slik at ikkje fisk strandar som følge av brå stopp i stasjonen.

Arealbruk, eiendomsforhold og offentlege planar: Offentlege planar: Også denne utbygginga kjem i konflikt med DN sin Naturdatabase, og/eller med Fylkesmannen sine FRIDA- og EDNA-register, men konfliktnivået er mykje mindre enn for Leitet kraftverk. Sjå Fylkesatlas.

Kommentarar til VIRKNING FOR MILJØ, NATURRESSURSER OG SAMFUNN – Leitet kraftverk:

Vannføringsforhold: Som for Leitet kraftverk, ber vi NVE kontrollere vassføringstabellane.

Konsesjonssøknaden viser at det vert overløp over dammen i gjennomsnittleg 62 dagar pr. år, at kraftstasjonen vil stå stille slik at det blir eit lite overløp i gjennomsnittleg 160 dagar pr. år.

Det betyr at elva vil vere fullstendig tørr nedanfor inntaket i gjennomsnittleg 143 dagar pr. år.

Dette er sjølv sagt fullstendig uakseptabelt for ei så stor elv. Det må stillast krav til minstevassføring heile året, sjå ovanfor kva vi har skrive om dette! Sjå Vedlegg 3.5 for eit "Middels" år for å få inntrykk av kva periodar elva vert tørrlagd i. Det blir så og seie nøyaktig i dei same periodane som for hovudelva i Leitet kraftverk sjå kommentarane der. Verste perioden for tørrlegging av elva vert frå starten av fellesferien og utover!

Vanntemperatur, isforhold og lokalklima: I konsesjonssøknaden vert det hevda at det berre vert frostrøyk i periodar med "ekstrem kulde". Vi stiller oss tvilande til at det vert situasjonen etter utbygginga. Temperaturen på vatnet ut frå kraftstasjonen vil gå litt opp om vinteren, (litt ned om sommaren,) og dette gjer at det lettare vil danne seg frostrøyk enn i dag. Vi vil tru at det vil ta til å danne seg frostrøyk nedanfor utløpet av kraftstasjonen når temperaturen kjem ned i anslagsvis 8 - 10 kuldegrader, (NVE har vel sikrere info om det?) og det kan vel neppe kallast "ekstrem kulde" i Årdal? Frostrøyk vert heilt sikkert vanlegare enn før utbygginga.

Biologisk mangfold og verneinteresser: Vi viser til miljørapporten, og kan stadfeste at det er eit kattuglereir nær ved røyrgatetraseen. Vi har fått opplyst at det ligg 40 – 50 m frå traseen, men kjenner ikkje nøyaktig plassering.

Kulturminner: Eit viktig nyare tids kulturminne som ikkje er omtala i konsesjonssøknaden, er ei vatningsveit som no er ute av drift. Vatningsveiti er omtala i "Bygdebok for Årdal", band 1 (1971). Omtalen er interessant lesnad, og vi håpar at andre høyringsinstansar sender NVE meir informasjon om dette. Vi har fått opplyst at røyrgatetraseen kjem i direkte konflikt kulturminnet

Vatningsveiti, men veit ikkje kor omfattande konflikten er. Vi ber NVE pålegge utbyggaren å skaffe meir informasjon om Vatningsveiti, og gjere greie for kor stort konfliktnivået er. Vi ber også om at det vert vurdert om ei flytting av inntaket, til dømes til ca kote 300, vil redusere konfliktnivået.

Brukerinteresser: For friluftsliv, er vi ueinige i miljørapporten si verdivurdering, Middels verdi. For dette området, med store bustadfelt, meiner vi at dei nærtuområda dette gjeld, har Stor eller Svært stor verdi for dei som bur i Seimsdalen. Konsekvensane for dette nærtuområdet meiner vi er Store negative viss utbygginga skjer slik den er konsesjonssøkt. Men konfliktnivået kan reduserast med avbøtande tiltak, som endring av plasseringa av inntak og/eller kraftstasjon, og gjennom slepping av skikkeleg minstevassføring. Gode avbøtande tiltak kan for denne utbygginga redusere dei negative konsekvensane ein heil del.

Samandrag av Turlaget sitt syn på bygging av Øyni kraftverk: Vi opplever også denne kraftutbygginga som konfliktfylt, men under den uttrykkelege føresetnaden av at det vert slept ei skikkeleg minstevassføring heile året (sjå lenger oppe), vurderer vi den likevel som akseptabel. Men vi ber NVE sterkt om å vurdere plasseringane av både inntaket og kraftstasjonen. Dette håpar vi også det er andre som har synspunkt på, slik at plasseringane kan bli best mogeleg. Det finst heilt sikkert andre gode alternativ enn dei vi har skissert."

Årdal Turlag viser i sin uttalelse av 20.12.2006 til følgende:

"Området som soknar til Leitet kraftverk er eit område som medlemar i Årdal Turlag nyttar mykje. Dette er eit av få område, nær tettstadene som framleis inneheld naturopplevingar som ein til vanleg må langt frå alfarveg for å finne. Å ta elvi vekk or dagen i dette området, vil sjølvsagt redusere verdien av området som friluftsområde, til nær null.

I tillegg til såra som blir laga i anleggsperioden som vil vere synlege i resten av vår levetid og venteleg langt inn i neste generasjon, blir røra også liggende oppe i dagen i Klettebrekka noko som vil forringe naturopplevinga i betydelig grad.

Årdal Turlag er redd for effekten av at det ikkje er lagt opp til noko minstevassføring i søknaden slik den ligg føre no. Me er kjende med at det er svært begrensa tilsig til elva nedover dalen, slik at ingen minstevassførinvg vil føre til turrlagd elv. Med unntak av partiet mellom Leitet kraftstasjon og inntaket til Øyni kraftstasjon, der elva vil renne i dagen som før.

Området som Leitet kraftstasjon er bygd i, er i ein kategori som det er mangel på i Årdal. Det "normale" her, er at det er små flater i låglandet som i stor grad er utbygd. Herifrå går det bratte fjell rett opp til om lag 1000 moh, der det flatar ut igjen. Slik at dei få områda som ligg i slik sone som Leitet kraftverk vil legge band på blir ufatteleg viktige for at dei fleste fugle- og dyreartar skal kunna halde til i kommunen vår.

I området frå inntaket og fram til Øyni kraftverk er inngrepa i eit område som i stor grad er regulert og utbygd frå før med offentlige vegar, bustadfelt og gardsmiljø. Turlaget har aktivitet og turarrangement i dette området også, men då meir som trim og sosial aktivitet der naturopplevingar meir underordna.

I Stortingsmelding nr. 39 "Friluftsliv - ein veg til høgare livskvalitet" står det følgjande: "Områder av verdi for friluftslivet skal sikres slik at miljøvennlig ferdsel, opphold og høsting fremmes, og naturgrunlaget bevarer."

Årdal Turlag vil med dette gje følgjande uttale i samband med Seimsdal Kraft AS sin konsesjonssøknad for utbygging i Seimsdalen.

- *Årdal Turlag finn det svært negativt for friluftslivet i området dersom det ikkje blir etablert minstevassføring i elva. Vi vil difor gå inn for at det blir etablert minstevassføring i den del av elva som soknar til Leitet kraftverk.*
- *Inngrepa i utbyggingsperioden må gjerast så skånsomst om mulig og alle område der rørgatene går, må revegeterast umiddelbart etter anleggsperioden. "Unngå inngrep som bryter med landskapets og kulturmiljøets egenart og verdi og som kan influere negativt på stedsidentitet."*
- *Kulturminne må ikkje berørast på nokon måte sidan dette er ein vesentlig del av naturopplevinga og kulturarven vår.*
- *Vegar som kan gjere område og naturopplevingar lettare tilgjengelig for enkelte grupper etter at anleggsperioden er over ser vi positivt på, men må vere avklart og planlagt før utbygging vert starta opp."*

Jørgen Asperheim og Knut Olav Jevnaker (19.12.2006) mener det er viktig å sikre vannforsyningen til gårdene, samt vann til brannhydrant. Ved en eventuell utbygging må en søke å unngå problemer med drenering. For å motvirke eventuelle endringer i hjortens vandring bør deler av rørgata dyrkes som kulturbeite eller vilteng. Asperheim og Jevnaker fremsetter ønske om at deler av rørgata skal kunne nyttes som traktorveg etter utbyggingen. I den sammenheng bes det om at utbygger diskuterer dette nærmere med de aktuelle grunneierne i forbindelse med inngåelse av avtale.

Sipke Paulides (14.12.2006 og 18.12.2006) ønsker at Seimsdal Kraft inngår en avtale med alle grunneiere som har brønner/oppkommer i nærheten av Seimsdalselvi. Det opplyses at flere eiendommer har tinglyste vannrettigheter. Et alternativ kan være å flytte inntaksdammen til et sted mellom Asperheim og Nundalen for å unngå problemer i forhold til vannforsyning, samt sikre tilstrekkelig stor minstevannføring, også med henblikk på andre brukerinteresser. Paulides mener tiltakshaver må kompensere for bortfall av badeplasser m.m. Det ønskes utført en risikoanalyse og gjennomført sikkerhetstiltak rundt inntaksdammer og kabeltraseer, samt skilting av flomfare. Det bør også etableres overvåkning av grunnvannsnivået. Det bør videre utarbeides en plan for avbøting av trafikk- og støyproblemer m.v. i anleggsperioden. Paulides ber NVE vurdere Årdal kommunes habilitet i behandling av søknaden.

Odd Jarle Jørgensen (19.12.2006) peker på viktigheten av Klettagrovi bl.a. for friluftsliv, og ønsker at det stilles krav om minstevannføring. Det må sikres permanent anleggsveg som kan brukes av hytteeiere. Videre må vannforsyning til hyttene sikres. Jørgensen mener hytteeiere bør få rett til privat uttak av begrenset mengde strøm som kompensasjon.

Grytsje Kooistra (9.12.2006) peker på mulige problemer for eiendommens drikkevannforsyning. Det opplyses at eiendommen ligger ved Dalåkre gård. Eiendommen benytter seg av et oppkomme som ligger ca. 60 meter fra Seimsdalselvi, og mindre enn 1 km fra det planlagte inntaket til Øyni kraftverk ved Dalsfossen. Kooistra er også opptatt av mulige problemer med støy under byggeperioden ved bygging av Øyni kraftverk som vil kunne påvirke hans arbeidssituasjon (hjemmekontor). Anleggstrafikken bør reguleres slik at ulemper for beboerne reduseres. Kooistra mener videre at søknaden mangler detaljerte opplysninger om rørgata og hvor den skal ligge i dagen. Kooistra foreslår ulike kompenserende tiltak, bl.a. bredbåndskabel og tursti.

Anders Aarebru (22.11.2006) mener det ville vært en fordel om vassdraget hadde blitt bygd ut med damanlegg som en del av en større utbygging, dette for å redusere flomfaren i Seimsdalselvi. Aarebru er opptatt av at utbyggingen ikke må føre til problemer for uttak av vatn til jordvanning på gården.

Arne Nundal (20.12.2006) mener opplysninger om vannføring, fiskeressurser m.v. i søknaden er feil. Nundal peker på mulige problemer i forhold til drenering av vannårer og at vannforsyningen til gården kan bli påvirket. Et avbøtende tiltak kan være at røret blir lagt i dagen oppå Halsagrovi i utmarka på Dalaker, slik at en unngår at bekken kommer ut av sitt gamle leie. Videre mener Nundal at inntaket for Øyni kraftverk bør flyttes lenger ned i elva for å redde Dalsfossen og Kvernhusfossen. Nundal er videre bekymret for at utbyggingen vil påvirke det rike dyrelivet i dalen. Samtidig fremmes forslag til en mer omfattende kraftutbygging i vassdraget som kan bidra til å redusere flomfaren i Seimsdalen.

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 14.5.2007 kommentert de innkomne høringsuttalelsene:

"Seimsdal Kraft har gått gjennom innkomne uttalar til vår konsesjonssøknad for Øyni og Leitet kraftverk i Seimsdal, Årdal Kommune. I alt 13 uttalar er oversendt oss i brev frå NVE av 10. januar 2007, ettersending 20. april 2007 samt e-post frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 3. mai 2007.

Uttale nr 1: Årdal Kommune

Seimsdal Kraft er godt nøgd med tilslutnaden til våre planar som kjem fram i vedtak i Årdal Kommunestyre, sak 003/07, 25.1.2007. Vedtaket dannar eit godt grunnlag for vidare samarbeid for å finne dei beste løysingane for begge partar. Vi er innstilte på tett og god dialog med kommunen i det vidare detaljarbeidet.

Vi vil likevel inngje følgjande kommentarar til enkelte punkt i uttalen:

Pkt 2.4 tilhøve til overordna planar / byggesakshandsaming.

Seimsdal Kraft ser positivt på å samarbeide med kommunen for å finne optimale løysingar for begge partar.

Pkt 2.5.1 Krav om minstevassføring.

Seimsdal Kraft ser at ei viss minstevassføring i elva kan betre ivareta biologisk mangfald og miljø langs elveløpet. Minstevassføring vil føre til redusert kraftproduksjon og dermed svekke økonomien i prosjektet. Dette er særleg følsomt for Leitet Kraftverk. Ein rimeleg minstevassføring ved Øyni kraftverk kan vi akseptere.

Avgrensing i maksimalt vassuttak er lite ynskjeleg. Klimaendringar vil sannsynleg føre til hyppigare flom og større vassmengder i framtida, og vil slik medverke til at elva etter utbygging i kortare og lengre periodar vil ha godt med restvassføring.

Pkt 2.6 Naturmiljø

Seimsdal Kraft er innstilt på å få til gode løysingar i samsvar med den omfattande miljøstudien som er vedlagt søknaden, og har ei eigeninteresse i å få optimalisert dei ulike installasjonane både teknisk, økonomisk og ikkje minst estetisk og miljømessig.

Vi meiner at føreliggande miljøstudie gjev tilstrekkeleg svar på elva sine føresetnader for fiske, herunder gyteplass for sjøaure, og at det difor ikkje er naudsynt med nye/utfyllande undersøkingar.

Anlegg av tersklar kan vere aktuelt der tilkomst til dei utbygde elvestrekningane kan gjerast utan særleg arbeid med tilkomstveg, kanskje mest aktuelt i området nedanfor Hjellsengfossen og ned til utløpet frå kraftstasjonen i Øyni. (Sjøaureforande). Elva transporterar i flomperiodar ein del massar som lett vil avsette seg bak slike tersklar. Det vil difor vere usikkert kor lenge slike tiltak vil vere nyttige.

Anleggsarbeidet må i stor utstrekning skje i sumarhalvåret, og kan såleis kome noko i konflikt med faunaen i området. Dette er uansett ein overgangsperiode, og vi er interessert i å gjere denne både så kort og skånsom som mogeleg.

Pkt 2.7 Kulturminne

Seimsdal Kraft vil unngå å øydelegge kulturminner som måtte vere i området, og er innstilt på å tilpasse rørgater og inngrep for øvrig etter desse. Så langt er vi ikkje kjende med at rørgater/innstallasjonar er i konflikt med kulturminner.

I detaljplanlegginga vil vi ha dette for auga og i samarbeid med kulturmyndigheitane sjekke ut dette. Seimsdal Kraft kan ikkje ta ansvar for kartlegging og utarbeiding av presentasjonar av det gamle veit- og vasssystemet i Seimsdalen. Vi ser dette som kulturstyresmaktene lokalt sitt ansvar.

Vi finn det urimeleg å bli pålagt framtidig vedlikehald, rydding o.l. av kulturlandskapet i Seimsdalen. Så vidt vi veit er slike vilkår heller ikkje kravd eller gjevne til andre (og større) utbyggingar i kommunen.

Pkt 2.8 Friluftsliv

Seimsdal Kraft er innstilt på at rørgater kan tilretteleggast som turveg der dette er ynskjeleg, likeeins at anleggsveggar / permanente vegar kan nyttast av ålmenta. Det er likevel ein føresetnad at den enkelte grunneigar gjev løyve til dette.

Vi er også positivt innstilt på å tilrettelegga anleggsveg til Kletta som permanent veg til hytteområdet, men ser for oss at grunneigarane/hytteigarane tek ansvar for det framtidige vedlikehaldet, eventuelt at kommunen ser strekninga som ein forlenging av noverande kommunale veg til Torli, og derav tek vedlikehaldsansvaret også for denne biten.

Anlegg av ein ny parkeringsplass ved Torli er eit tiltak som vil vere til fordel for brukarane av området og som Seimsdal Kraft kan tilrettelegge mot at Seimsdal Kraft kan bruke denne til riggplass i anleggsfasen. Seinare vedlikehaldsansvar bør organiserast som nemnt i føregåande avsnitt.

Pkt 2.9 Jordbruk og skogbruk

Seimsdal Kraft har ikkje merknader til dette punktet.

Pkt 2.11 Brannberedskap, vassforsyning

Seimsdal Kraft er oppmerksom på at fleire grunneigarar og hytteigarar i området er redd for dårleg tilsig til brønnar/borebrønnar etter ei utbygging.

I følge vår utgreiing vil grunnvassforholda bli lite påverka av ei slik utbygging, og dermed skulle heller ikkje tilsiget til brønnane verte påverka av tiltaka.

Seimsdal Kraft vil likevel ta kontakt med dei aktuelle eigarane og avklare dette.

Pkt 2.12, 2.13, 2.14, 2.1 S Risikovurdering, Støy, Infrastruktur, Mellombels anlegg

Seimsdal Kraft har ikkje merknader til desse punkta.

Uttale nr 2: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Seimsdal Kraft er nøgd med tilrådingen frå Fylkesmannen, men meiner at konfliktane mot andre interesser er for sterkt poengtert. Vi meiner at dei omsøkte inngrepa i landskap og fauna/flora/friluftsinnteresser ikkje vil ha dei store negative konsekvensane. I anleggsfasen vil arbeidet sjølvsagt vere ei ulempe for området, men vi meiner at sår og inngrep fort vil gro til og bli nesten usynlege etter få år.

Tilrettelegging av turløyper i røyrgrater og veg til Kletta vil vere positivt for mange, og spesielt for dei som ikkje er av dei sprekaste.

I forhold til den lange nyttetida av anlegga vil ulempene vere svært små. Flytting av inntak for Leitet kraftverk til nedanfor Torlifossen er svært vanskeleg både økonomisk og teknisk. Dette vil gje monaleg reduksjon av fallhøgde (20- 25 m) og derigjennom tilsvarande reduksjon i kraftproduksjonen.

Røyrgrata forbi (rundt) Kletta vil gå gjennom svært vanskeleg terreng, brattlent og mykje fjell, og vil kreve vesentleg større inngrep i anleggsfasen enn omsøkt gate som i området forbi Kletta vil bli nedgravd.

Omsøkte plassering av inntaket er einaste reelle alternativ for ei utbygging.

Røyrgate i Klettebrekka vil vi i detaljprosjekteringa søke å plassere slik at den vert minst mogeleg synleg.

Krav om minstevassføring viser vi til kommentar til uttale nr 1, pkt 2.5.1

Installasjon av omløpsventil til bruk ved utfall av Øyni kraftverk kan vi akseptere, dersom dette vert vurdert av NVE som naudsynt.

Krav om nye undersøkingar for sjøaure viser vi til kommentar til uttale nr 1 pkt 2.6.

Uttale nr 3: Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Utelate Klettagrovi frå Leitet kraftverk.

Klettagrovi gjev eit vesentleg tilskot til vassmengde og økonomi for utbygginga av Leitet kraftverk. Samtidig meiner vi at inntakskonstruksjonar og røyrgate frå denne delen vil vere lite synleg i ettertid, og gje svært små negative konsekvensar i landskapet.

Flytting av inntak for Leitet kraftverk til nedstrøms Torlifossen.

Vi viser her til kommentar til tilsvarande moment i uttale nr 2.

Minstevassføring.

Vi viser til kommentar til uttale nr 1, pkt 2.5.1

Uttale nr 4: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Vi oppfattar Naturvernforbundet sine merknader som sterkt overdrevne reaksjonar på dei, etter vårt syn, moderate inngrepa i naturområdet. Seimsdalen er i dag utbygd med bustadfelt, fleire hytteområder, dyrkingsfelt, plantefelt og køyreveg nesten fram til endepunktet for våre inngrep. Det er såleis ingen urørt natur vi snakkar om.

Vi er overtydde om at røyrgrater, nye vegar, inntakskonstruksjonar og stasjonsbygg kan utformast og plasserast i dette biletet til svært liten sjenanse for alle. Klettaplataet er delvis utbygd med stølshus og nyare hytter, og her føreligg godkjent disposisjonsplan for vidare utbygging. Om og når denne kjem er uvisst, men tilrettelegging av veg opp til plataet vil medverka til auka interesse

for området, både for framtidige hyttebrukarar og andre som i dag ikkje har mogelegheit for å ta seg opp hit.

Inngrepa som røyrgatene vil påføra dette området er minimale, og vil etter kort tid bli meir eller mindre "usynlege". Røyr i dagen ned Klettebrekka er lite ynskjeleg, også sett med våre auge, men teknisk og økonomisk er det svært vanskeleg å unngå dette.

Uttale nr 5: Sogn of Fjordane Turlag

Leitet kraftverk.

Flytting av inntak i hovedelva til "godt nedstrøms Torlifossen".

Vi viser her til kommentar til uttale nr 2.

Røyrgate i dagen i Klettebrekka.

Det er vanskeleg teknisk å finne andre løysingar for nedføring av røyr i Klettebrekka enn det omsøkte alternativet med røyr i dagen.

Vi vil i detaljprosjekteringa søke å finne den beste plasseringa (minst synleg) men ser i dag ikkje andre teknisk/økonomiske alternativ.

Vi vil i detaljprosjekteringa vurdere helikopterbruk ved montering, og eventuelt utelate trallebane, men er usikre på om dette er noko betre miljømessig.

Utelating av Klettagrovi. Vi viser til kommentar til uttale nr 3.

Minstevassføring Vi viser til kommentarar til uttale nr 1, pkt 2.5.1.

Øyni kraftverk

Flytting av inntak til nedstrøms parkeringsplassen ved Dalen er uaktuelt, det gjev ca 20-25 m reduksjon i fallhøgde, og røyrgate herifrå kjem i konflikt med bebyggelse/gardsbruk i området.

Flytting av Øyni kraftstasjon til oppstrøms Hjellsengfossen er uaktuell av same grunn som i førre punkt.

Nedgravd røyrgate på heile strekninga.

Det er vår intensjon å få røyrgata ned i bakken, eventuelt fylt over, også i partiet gjennom ura ved Dalåkre. Dette for å redusere synlege inngrep og for enklare å få til tursti langs gata.

Minstevassføring.

Vi viser til kommentarar til uttale nr 1, pkt 2.5.1.

Uttale nr 6: Årdal Turlag

For framlegg om minstevassføring, kulturminner, revegetering og etterbruk av vegar/turstiar syner vi til våre kommentarar på tilsvarende punkt i uttale nr 1 og 5.

Uttale nr 7: Aksjonsgruppa mot utbygging i Seimsdal

Kommentarar til miljørapporten. Aksjonsgruppa har fleire kommentarar til konklusjonar og graderingar av utbygginga sin påverknad på kulturminner, natur, flora og fauna, samt verdien av dalen som friluftsområde m.v.

Når det gjeld påverknad av dalen som friluftsområde vil sjølve anleggsperioden medføre noko tungtrafikk, graving, byggearbeid og støy. Vi meiner at dette vil både vegnettet, dalen og brukarane elles tåle.

Vi vil i anleggsperioden forholde oss til kommunen og innordne oss dei krav vi der måtte bli pålagt.

Vi vil og peike på at spesielt turstiar vil i ettertid få eit løft dersom anlegga kan gjennomførast slik vi har søkt om.

Vi aksepterar at alle har rett til å hevde sitt syn på utbyggingsplanane, og har registrert aksjonsgruppa sine synspunkt.

Vi er ueinig i aksjonsgruppa sine konklusjonar og vel framleis å støtte oss til den faglege vurderinga vist i vår miljørapport og meiner denne har ein god og dekkande beskrivelse av desse tema.

Kommentarar til tekniske løysingar.

For føreslegne endringar som flytting av inntak for Leitet kraftverk, ditto for Øyni, plassering av rørgater og minstevassføring syner vi til kommentarar til same tema i uttale nr 1, 2, 3 og 5.

Uttale nr 8: Gnr 29.1 Asperheim og gnr 29.2 Hjellsengane.

Vi viser til intensjonsavtale om utbygging av kraftverka der vi forpliktar oss til å finne fram til avtalar med grunneigarane, m.a. når det gjeld dei spørsmål som uttalen nemner.

Vi reknar med at detaljane i dette vil bli avklart seinast når konsesjon føreligg.

Uttale nr 9: Sipke Paulides.

Uttalen nemner mange av dei moment som er berørt i uttale nr 1, 3, 5 og 7. Når det gjeld desse tema viser vi til kommentarane til desse uttalane.

Endringar i tilsig til brønnar som følgje av endringar i vassmengder i elva, og avskjæring i samband med graving for røyr, meiner vi er lite sannsynleg. Vi vil likevel ta kontakt med dei ulike interessentane til dette.

Uttalen hevdar feil i våre berekningar av vassføring. Dette har vi forelagt vår konsulent, SWECO, som tilbakeviser dette, jfr vedlegg 1, e-post frå SWECO.

Sikring av inntak, kabelføringar m.m. må sjølvstendig gjerast etter forskrifter og faglege kriteriar slik at sikkerheit for dei som ferdast i området vert ivareteke på ein god måte.

Generelt er Seimsdal Kraft interessert i å ha eit godt forhold til bebuarane i området slik at anleggsarbeidet kan utførast på ein smidig og god måte for alle partar. Noko auka trafikk og støy frå ulike aktivitetar må vi i periodar pårekne. Vi reknar ikkje med at dette skal sjenere bumiljøet så sterkt at ekstraordinære tiltak er naudsynt.

Uttale nr 10: Odd Jarle Jørgensen.

Krav til ny vassforsyning til eigarane på Kletta kan vi medverka til å finne løysingar på. Uttak frå hovudrøyrret er lite ynskjeleg. Derimot kan vi medverka til å få lagt ein eigen ledning frå inntak i Klettegrov og ned til ein "vannpost" i hytteområdet. Denne vil vere uavhengig av driftsstatus av kraftanlegget.

Krav om rett til fri straum til hytte kan vi ikkje godta. Dersom hytteeigarane ynskjer straum, må dette avtalast med Årdal Energi på dei vilkår som dei måtte sette. Om ynskjeleg kan framføring av kabel samordnast med våre arbeid i området.

Uttale nr 11: Grytsje Kooistra.

Viser her til kommentarar til uttale nr 9.

Uttale nr 12: Anders Årebru.

Uttak av vatningsvatn frå elva vil kunna gjerast etter utbygging som no. Årebru sitt inntak frå elva ligg nedanfor planlagt utløp frå Øyni Kraftverk og vert ikkje endra av utbygginga.

Uttalens pkt 3 signaliserer god vilje til å finne fram til løysingar "til beste for begge partar," noko vi set stor pris på, og er trygge på å få til.

Vi vil likevel vise til søknaden og oppretthalde krav om oreigning av naudsynte rettar.

Uttale nr 13: Arne Nundal.

Drenering / endring av vassveggar i grunnen.

Under detaljplanlegginga vil det vere eit overordna mål for oss sikre at vi ikkje endrar desse forholda. Røyr i dagen på deler av strekket kan vere eit alternativ.

Minstevassføring / vatningsvatn / tilsig til brønnar.

Vi viser vi til kommentar uttale nr 1, pkt 2.5.1 og uttale nr 9.

Påverknad på flora og fauna.

Vi viser til kommentarar til uttalane nr 1, 4 og 7.

Oreigning av rettar.

Arne Nundal er ikkje deltakar i Seimsdal Kraft med sine rettar, og gjentek i uttalen sin at han ikkje vil ha inngrep på sin eigedom. Vi er likevel opptekne av at vi skal få til ein minneleg avtale med Nundal og vil framleis jobbe for å få til dette.

Vi viser elles til vår søknad og opprettheld krav om oreigning av naudsynte rettar på denne eigedomen."

Tilleggsundersøkelser og kommentarar til disse

I brev av 1.6.2007 ba NVE Seimsdal Kraft AS om å vurdere ulike alternativer for lokalisering av inntak og rørgate for Leitet kraftverk, samt ulike avbøtende tiltak som kan bidra til å dempe en del av de negative virkningene ved utbyggingen som har kommet frem gjennom høringsuttalelsene. Det ble videre stilt krav om gjennomføring av nærmere undersøkelser på temaene fisk for lakseførende/anadrom strekning i forbindelse med Øyni kraftverk, samt nærmere undersøkelser av kulturminner for begge kraftverkene i henhold til fylkeskommunens krav. Seimsdal Kraft AS ble bedt om å vurdere konsekvensene av eventuelle planendringer/foreslåtte tiltak på kraftproduksjonen, samt i forhold til økonomi og utbyggingspris for kraftverket.

NVE mottok svarbrev fra Seimsdal Kraft den 11.10.2007 med vedlagt utredning/rapport og meddelelse om planendringer og avbøtende tiltak.

Søknaden for Leitet kraftverk er justert slik at en opprettholder inntaket i Seimsdalselvi oppstrøms Torlifossen (kote 665), men vil utelate inntak av Klettagrovi. De nye beregningene viser at en ved å utelate Klettagrovi vil oppnå en lavere utbyggingspris sammenlignet med det alternativet som opprinnelig ble omsøkt.

Flytting av hovedinntaket for kraftverket nedstrøms Torlifossen som enkelte av høringsinstansene har foreslått er teknisk vanskelig og vil redusere produksjonen og gi dårlig lønnsomhet. En viktig positiv konsekvens er at en vil sikre opprettholdelse av den regionalt sjeldne huldrebekkemosen og andre fuktkrevende arter i tilknytning til fossen, samt at fossen vil bestå som et viktig landskapselement.

Seimsdal Kraft AS mener slipp av minstevannføring lik alminnelig lavvannføring er akseptabelt.

Det foreslås endret plassering av rørgata i den sørlige enden av Kletta og ned brekka på østsiden av lågurtskogen, noe som ansees som en bedre miljømessig løsning enn den som opprinnelig ble søkt om. Profilboring eller tunnel mellom kote 610 til 651 er vurdert som et alternativ, men er ikke funnet lønnsomt.

Videre foreslås ny anleggsvei i slynger til ca. kote 630 langs rørgatetraseen.

Når det gjelder Øyni kraftverk ønsker Seimsdal Kraft AS å opprettholde den opprinnelige søknaden, men vil akseptere slipp av minstevannføring lik alminnelig lavvannsføring. Det vises til at et eventuelt krav om slipp av sommervannføring tilsvarende 5-persentil vannføring, vil redusere produksjonen med ca. 1,9 GWh/år, og derfor er lite ønskelig.

Fiskeundersøkelsene på den anadrome strekningen som vil bli direkte berørt av Øyni-utbyggingen, kan ikke påvise eller utelukke sjørørret i elva, og det er vanskelig å si noe om tettheten av anadrom fisk. For å si noe sikkert om dette må det foretas en gytefisktelling i elva i periode med gyting. Potensialet for gyting i elva vurderes å være lite.

Produksjonsmessige og økonomiske konsekvenser for kraftverkene av de ulike alternativene fremgår av tabellene.

Leitet kraftverk:

Utbyggingsalternativer	Inntak på kote 665		Inntak nedenfor Torlifossen, kote 651		Tunnel kote 651
	Med Klettagr.	Uten Klettagr.	Med Klettagr.	Uten Klettagr.	Uten Klettagr.
Fallhøyde (m)	240	240	230	230	225
Installert effekt (MW)	3,0	2,5	2,8	2,4	2,4
Slukeevne (m ³ /s)	1,56	1,35	1,57	1,36	1,36
Produksjon u/minstevannf. (GWh/år)	8,9	7,6	8,0	7,2	7,5
Produksjon m/slipp av alm. lavvannf. hele året (GWh/år)	8,8	7,5	7,9	7,0	7,3
Produksjon, årlig middel med slipp av 5-persentil sommer og alm. lavvannf. vinter (GWh/år)	8,8	7,3	7,6	6,8	7,1
Utb.pris u/slipp av minstevannf. (kr/kWh)	4,24	4,10	4,68	4,24	6,10
